



PLANOMTALE



KOMMUNEDELPLAN FOR SVEIO SENTRUM 2023-2035



INNHALD PLANOMTALE

1.	INNLEIING	4
1.1	BAKGRUNN FOR PLANARBEIDET	4
1.2	FØREMÅLET MED PLANEN	5
1.3	Overordna nasjonale og globale føringar	6
1.3.1	Dei nasjonale forventingane	6
1.3.2	FN sine berekraftsmål.....	7
1.4	Regionale føringar	9
1.4.1	Dei regionale planane for sentrumsutvikling	9
1.5	Forholdet til lokale planar	9
1.6	Organisering	10
1.7	Planprosess.....	10
1.8	Medverknad	11
2	STRATEGISKE VAL	13
2.1	Viktige felles fokusområde	13
2.2	Dei strategiske vala.....	13
2.3	Mål for sentrum.....	15
3	PLANOMRÅDET	16
4	PLANEN.....	18
4.1	Plandokumenta	18
4.2	Planforum	18
4.3	Planprogrammet og aktuelle utgreiingsbehov.....	18
4.3.1	Fortetting og landbruk.....	19
4.3.2	Planavgrensing og Vikingland	20
4.3.3	Stadanalysen.....	21
4.3.4	Trafikkanalyse.....	21
4.3.5	Vurdering av miljø-, landbruks- og kulturminnetema	22
4.3.6	Vurdering av teknisk infrastruktur	23
4.3.7	Vurdering av risiko- og sårbarheit	23
4.4	Reguleringsplanar som framleis skal gjelda og plankravet for nye tiltak	23
4.5	Erfaring frå tidlegare kommunedelplan	24
4.6	Samla konsekvensar av planen.....	24
5	AREALSTRATEGIAR	26



5.1	Om arealbruken og samordna areal og transportplanlegging	26
5.2	Naturmangfald og naturmiljø	29
5.3	Landskap	31
5.4	Friluftsliv, grønstruktur og rekreasjon	31
5.5	Kulturminne og kulturmiljø	33
5.6	Landbruk	34
5.7	Barn og unge sine interesser	35
5.8	Universell utforming	36
5.9	Folkehelse og livsmeistring	36
5.10	Klima, miljø og energi	37
5.11	Vatn og avlaup	39
5.12	Samfunnstryggleik og beredskap	40
5.12.1	KU og ROS	40
5.12.2	Verksemdsrisiko	40
5.12.3	Naturbaserte hendingar	40
5.12.4	Sårbare objekt	46
5.12.5	Støysone	46
5.13	Attraktive bumiljø og bustadføremålet	48
5.14	Sentrumsutvikling og senterstruktur	51
5.14.1	Miljøgate og uteopphaldsareal	52
5.15	Kultur- og idrettstilbod	52
5.15.1	Idrettsanlegg	52
5.16	Offentleg eller privat tenesteyting	52
5.17	Næringsliv	53
5.18	Samferdsle, trafikktryggleik og kommunikasjon	53
5.18.1	Fylkesvegar	53
5.18.2	Kommunale vegar	54
5.18.3	Fareklasse og farleg skuleveg	55
5.18.4	Kollektivtrafikk	55
5.18.5	Gang- og sykkelvegar og fortau	56
5.18.6	Parkering	57
5.19	Landbruk-, Natur- og Friluftsføremål	58
5.20	Andre typar bygningar og anlegg	58
5.20.1	Småbåtanlegg på land og i sjø	58
5.20.2	Naust	59



5.20.3	Kombinerte byggje- og anleggsføremål	59
5.21	Føresegnområde	59
5.22	Utbyggingsavtalar.....	60
5.23	Vurdering av gjeldande reguleringsplanar	60
6	VERKNADAR AV PLANEN	61
7	VEDLEGG I EIGNE DOKUMENT	62
8	Kommunedelplan for Sveio sentrum.....	63



1. INNLEIING

Dei fleste innbyggjarar, besøkjande, næringsaktørar, interesserorganisasjonar og ikkje minst politikarar har tankar om kva funksjon Sveio sentrum skal ha, og kva tettstaden skal tilby. Ofte handlar det om forventingar til nokon form for utvikling. Det kan gjelda å få betre handels- og servicetilbod, fleire bustader og arbeidsplassar, å skapa gode bumiljø, sikra meir areal for næringsutbygging, å leggja til rette for turveggar eller å få nye/fleire offentlege tenester. For å sikra framtidig gjennomføring av slike tiltak er det naudsynt å ha ein plan for utviklinga. Kommunedelplanen for Sveio sentrum er grunnlaget for vidare utbygging, og framtidige tiltak og planar.

Planlegginga må leggja til rette for ei god fordeling og bruk av areala i og rundt sentrum slik at dei gode områda for mellom anna landbruk, friluftsliv og fritidsaktivitetar ikkje blir bygd ned i framtida, samtidig som det må leggjast til rette for fortsett utbygging av så vel bustader, handel- og servicefunksjonar, anna næringsliv og offentlege tenester. Riktig arealføremål på riktig plass er utgangspunktet for planarbeidet. Sveiogata som går i gjennom sentrum har ei viktig rolle i planleggingsarbeidet som grunnlag for å sikra god tilkomst, tilgjenge og tilbod.


Denne planomtalen har ikkje nokon juridisk bindande status, men må sjåast på som eit utvida saksframlegg som viser tankane bak planen. Skildringa gjev utdjupa informasjon om planforslaget sin bakgrunn og forklarar innhaldet i plankartet og føresegnene. Planomtalen er meint som eit hjelpemiddel ved praktisering av planen, som ved sakshandsaming i byggje- og delingssaker og ved reguleringsplanarbeid, og ikkje minst i samband med strategiske grep for den kommunale utviklinga. Kommunedelplanen for Sveio sentrum blir kalla *sentrumsplanen* vidare i dette dokumentet.

1.1 BAKGRUNN FOR PLANARBEIDET

I oktober 2010 fatta Sveio kommunestyre samrøystes vedtak om å godkjenna ein kommunedelplan for Sveio sentrum. Planen skulle erstatta dåverande reguleringsplan for området. Opphavleg blei kommunedelplanen utarbeidd som ein revisjon av den gjeldande reguleringsplanen for sentrumsområdet, men Fylkesmannen (no Statsforvaltaren) rådde kommunen til å utforma planen meir overordna, i form av ein kommunedelplan. Planforma blei difor endra frå reguleringsplan til kommunedelplan midt i planprosessen. Planavgrensinga blei likevel halde på slik den opphavlege reguleringsplanen viste.

Det avgrensa planområdet bidrog til at kommunedelplanen frå 2010 ikkje dekkja det reelle sentrumsområdet. Bustadfeltet Krossleite, Fjellstad og Sveiåsen, der utbygginga hadde starta allereie på 1970- og 1980-talet, hamna utanfor planen, sjølv om dei utgjer ein del av kommunesenteret. Planen omfatta ikkje heller golfbaneområdet med tilhøyrande turområde.

I tillegg til å vera særst avgrensa var kommunedelplanen frå 2010 utdatert. Planen blei godkjent etter gamal plan- og bygningslov og trengte oppdatering i forhold til nye forventingar og krav om avklaringar innom tema som mellom anna naturmangfald, folkehelse og klimatilpassing. Det var òg eit behov for å sjå på arealbruken i planen i eit meir heilskapleg perspektiv for å sikra god utvikling av sentrumsområdet med tilhøyrande omland.



Figur 1-1 Den tidlegare kommunedelplanen for Sveio sentrum, frå 2010

1.2 FØREMÅLET MED PLANEN

Sveio kommune skal styrkja sentrumsutviklinga og gjera Sveio sentrum meir attraktivt for etablering av sentrumsfunksjonar, busetting og næringsaktivitet, gjennom effektiv og hurtig sakshandsaming og ha innbyggjarane, næringsaktørar og tiltakshavarar i fokus.

Kva måtte sikrast i ny sentrumsplan, for å oppnå måla?

- planområdet måtte utvidast
- føremåla i gjeldande plan måtte vurderast på ny
- erfaring og innspel skulle danna grunnlaget for å vurdere behovet for utbygging
- landbruksareala i sentrum måtte vurderast mot framtidige utbyggingsbehov

Den nye sentrumsplanen er eit verktøy for å sikra god og ønskja utvikling av Sveio sentrum, der det er teke omsyn til allmenne interesser, samfunn og miljø. Planen er tilstrekkeleg overordna for å sikra samanheng mellom viktige funksjonar i sentrum, men er samtidig så detaljert at den kan fungera som eit styringsverktøy for detaljplanlegging og handsaming av enkelte tiltak.

Utgangspunktet er at planen skal gje retningslinjer og innhald for å skapa eit meir heilskapleg og framtidsretta sentrum. Målsettinga er å skapa eit klart definert, levande og attraktivt sentrum med god bustadstruktur der det er lagt til rette for fleire arbeidsplassar og styrka handels- og servicefunksjonar. Sveio sentrum skal vera eit knutepunkt for alle innbyggjarane i Sveio kommune.



Dei overordna føringane for utviklinga i Sveio kommune ligg allereie i den politisk vedtekne planstrategien og i forslag til ny samfunnsdel til kommuneplanen. Hovudoppgåva til sentrumsplanen er difor å avklara dei arealmessige forholda. Det nye arealplankartet viser kor det kan skje framtidige tiltak, kva status er for dei ulike utbyggingsområda og kva område som skal vernast mot utbygging. Denne planomtalen omtalar føringane for planarbeidet og innhaldet i planen. Føresegnene til plankartet fungerer som utdjupande og førande tekst til dei ulike arealføremåla.

1.3 Overordna nasjonale og globale føringar og forventingar

Det finns mange overordna føringar i form av lovverk, forventingar, stortingsmeldingar, retningslinjer, rundskriv for korleis det kan leggjast til rette for god arealbruk og utvikling. Føringane gjeld på nasjonalt, regionalt og lokalt (kommunalt) nivå. For å sikra samanhengen i samfunnsutviklinga mellom dei ulike ansvarsnivåa har kommunane eit ansvar å følgja opp dei overordna føringane når dei lokale planane skal utarbeidast.

Dei overordna nasjonale og regionale føringane som er lagt til grunn for Sveio kommune sitt utviklingsarbeid er omtalte i den kommunale planstrategien og i forslaget til ny samfunnsdel til kommuneplanen, som i sin tur dannar grunnlaget for sentrumsplanen.

1.3.1 Dei nasjonale forventingane

Eit viktig dokument med unntak for sjølve plan- og bygningslova er dei *Nasjonale forventingane til regional og kommunal planlegging 2019-2023*, som mellom anna legg vekt på å skapa berekraftig velferd der det er teke omsyn til økologiske forhold, klima, ressursforvaltning, og eit sosialt og trygt samfunn. Hovudtema for å oppnå dette er;

- Planlegging som verktøy for heilskapleg og berekraftig utvikling
- Vekstkraftige regionar og lokalsamfunn i heile landet
- Berekraftig areal- og transportutvikling
- Byar og tettstader der det er godt å bu og leva


Statleg planretningslinje for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing viser at kommunane skal innarbeida tiltak og verkemidlar for å redusera utslepp av klimagassar og sikra meir effektiv energibruk og miljøvenleg energiomlegging i sine planar. Sveio kommune sin Energi- og klimaplan for perioden 2011-2016 er vidareført til ny plan ligg føre. Den omtalar energisituasjonen og viser status for klimagassutslepp i kommunen. Den viser kva kommunale verkemidlar og påverknad som skal til for å redusera energibruken og få eit lågare klimagassutslepp. Då det er 10 år sida planen blei godkjent, har det i samband med denne planen blitt utarbeidd ein oppdatert status for klimaendringane og klimatilpassing, sjå eige vedlegg. På den måten veit vi meir om kva som utgjør trusselen i dag.

Å stoppa klimaendringane er eit av FN sine viktige berekraftsmål, og det må òg vera eit mål i arbeidet med den kommunale planlegginga

1.3.2 FN sine berekraftsmål



FN definerer berekraftig utvikling som å ta vare på behova til menneske som lever i dag, utan å øydeleggja framtidige generasjonar sine moglegheiter til å dekkja sine.



Figur 1-2 FN sine 17 berekraftsmål. Kjelde: www.fn.no

Berekraftsmåla tek omsyn til dei tre dimensjonane i utviklinga, klima og miljø, økonomi og sosiale forhold.

Av FN sine berekraftsmål er følgjande tema relevante i samband med planlegging av arealbruken i sentrumsområdet

Mål nr.	Tema	Kommunen sitt fokus i arealplanlegginga	Lokale tilhøve
Mål 1	Utrydda fattigdom	leggja til rette for at alle skal ha moglegheit for gode og trygge bustader av god kvalitet	Kommunedelplanen (KDP) legg til rette for varierte tilbod for bustad. Bustadsosial handlingsplan tek føre seg dette temaet.
Mål 3	God helse og livskvalitet	sikra moglegheit for eit aktivt liv med gode nærturområde, og areal for leik- og fritidsaktivitetar, idrett og rekreasjon, og at det er støyfritt og tilgang til frisk luft og reint vatn	KDP har lagt opp til meir turløyper i plankartet, samt at det er i føresegnene lagt til rette for etablering av fleire snarvegar og turnettverk
Mål 4	God utdanning	leggja til rette for at det er tilstrekkeleg areal sett av til barnehage og skule, i trygge omgjevnader	KDP har lagt til rette for nok areal til utdanningsformål
Mål 6	Reint vatn og gode sanitærforhold	sikra teknisk infrastruktur slik at alle utbyggingsområde har god tilgang til vatn og avlaup	KDP har lagt til rette for teknisk infrastruktur, og lagt inn omsynssoner for viktige vassressursar i sentrumsområdet
Mål 7	Rein energi til alle	leggja til rette for bruk av fornybare energikjelder og minska energibruk	KDP sine føresegner legg fram at framtidig detaljreguleringsplanar skal utgreia energisparande tiltak.
Mål 8	Anstendig arbeid og økonomisk vekst	auka befolkningsgrunnlaget i sentrum for å sikra økonomisk vekst til næringsaktørar i planområdet, og leggja til rette for etablering av næring som gjev arbeidsplassar	KDP legg til rette for auka busetnad i sentrumsområdet, samt moglegheit for ny og utvida næringsmarknad
Mål 9	Industri, innovasjon og infrastruktur	tilrettelegging og utbygging av næringsareal og teknisk infrastruktur	KDP omfattar eit større område enn tidlegare, der det er lagt til rette for auka næringsverksemd i sentrum



Mål 10	Mindre ulikskap	sikra at alle innbyggjargrupper har tilgang til bustader av tilstrekkeleg god kvalitet og like moglegheiter for å bu i gode miljø	KDP legg til rette for varierte tilbod for bustad, med føringar for å sikra god kvalitet og gode bumiljø
Mål 11	Berekraftige byar og lokalsamfunn	leggja til rette for mindre bilbruk, auka gange og sykkelbruk, mindre nedbygging av viktige naturområde, god tilgang til nærmiljøområde mv.	KDP legg til rette for betre tilgjenge for mjuke trafikantar og moglegheit for utvikling av betre turnettverk i nærmiljøet
Mål 12	Ansvarlig forbruk og produksjon	stilla krav til at tiltaka har fokus på kvalitet og klimavenlege materialval og energibruk, tilrettelegging for ladestasjonar for elbilar og elektriske sykklar, og gjera det mogleg å produsera lokal mat	KDP legg til rette for at tiltak har eit positivt klimafokus innanfor alle fagområde
Mål 13	Stoppa klimaendringane	klimatilpassing, ved å byggja ut forsvarleg med omsyn til klimaendringane, jf. eige notat i vedlegg	KDP belyser utfordringane i Sveio sentrum når det gjeld klimatilpassing. Dette blir utgreia i større grad i revidert Klima og energiplan for Sveio kommune
Mål 15	Livet på land	sikra at verneverdige areal ikkje blir bygd ned for framtida	KDP sikrar verneverdige areal, det er lagt inn omsynssoner for å sikra at viktige areal blir teke vare på i framtida
Mål 17	Samarbeid for å nå måla	sikra godt samarbeid mellom overordna styresmakter, kommunen, utbyggjarane og innbyggjarane	KDP skal fungere som styringsverktøy for planlegging og utvikling



1.4 Regionale føringar

Dei regionale planane byggjer opp rundt dei nasjonale forventingane, og Vestland fylkeskommune har i den regionale planstrategien *Utviklingsplan for Vestland 2020-2024* omtala følgjande mål:

- Vestland som det leiande verdiskapingsfylket og nasjonal pådrivar for eit regionalisert og desentralisert Noreg
- klima og miljø som premis for samfunnsutvikling
- lokalsamfunn som ramme for gode kvardagsliv
- like moglegheiter til å delta i verdiskaping.

1.4.1 Dei regionale planane for sentrumsutvikling

Det er særskilt to regionale planar som er viktige grunnlagsdokument for sentrumsplanen:

- Regional plan for areal og transport på Haugalandet (ATP for Haugalandet)
- Regional plan for attraktive senter i Hordaland

Begge planane har i utgangspunktet same hovudføremål om å samordna areal- og transportplanlegginga slik at det blir etablert sterke, livskraftige sentrumsområde i knutepunkt for kollektivtrafikk, og der det er gang- og sykkelavstand til dei fleste funksjonane. Likevel har dei noko ulik tilnærming.

Regional plan for areal og transport på Haugalandet viser at Sveio sentrum er eit regiondelsenter og eit «*bynære område*» til regionsenteret Haugesund. For bynære område har planen nokre særskilte retningslinjer for å sikra at utviklinga ikkje vil konkurrera ut Haugesund som regionsenter. Planen er i stor grad styrande for den kommunale planlegginga, på område som bustadbygging, næringsutvikling og senterfunksjonar.

Målet med den regionale planen for attraktive senter i Hordaland er å sikra at det blir attraktive senter som fremjar livskvalitet, robust næringsliv og miljøvenleg transport. I tillegg skal sentera leggja til rette for vekst i heile fylket. Føremålet med planen er meir rettleiande for korleis planlegginga skal skje for å fremja god senterstruktur, og er mindre styrande enn Haugalandsplanen. ATP for Haugalandet blei sist vedteken og gjeld difor før planen for attraktive senter.

1.5 Forholdet til lokale planar

Sentrumsplanen er ein kommunedelplan, og såleis ein sjølvstendig plan som har same funksjon som ein kommuneplan, og som gjeld uendra ved motstrid med kommuneplanen. Det kan likevel vera prinsipp og forhold i føresegnene til kommuneplanen som òg vil gjelda for kommunedelplanen. Dette vil i så tilfelle koma fram av føresegnene til denne planen.

Alle godkjente reguleringsplanar som ligg innanfor planområdet skal gjelda uendra eller saman med kommunedelplanen dersom dei er omtalte i føresegnene og tilhøyrande vedlegg. Nokre planar er vurdert oppheva og erstatta av nye reguleringsplanar eller nye føremål i sentrumsplanen. Dette gjeld eldre planar som ikkje er bygd ut eller der aktuelle areal er bygd ut over tid, med andre føremål enn dei planen legg opp til. Kvar reguleringsplan har blitt vurdert i



forhold til om dei er tilstrekkeleg oppdaterte etter gjeldande lovverk, planar og generelle føringar. Vurderinga er vist i eige vedlegg.

Nokre viktige lokale planar, som har betydning for sentrumsplanen, er økonomiplanen, energi- og klimaplanen, kommunedelplanen for kulturminne og trafikksikringsplanen.

1.6 Organisering

I mai 2015 fatta kommunestyret vedtak om oppstart av planarbeid for ny kommunedelplan for Sveio sentrum. Hovudutval Teknisk/Næring (HTN) skulle vera styringsgruppe for planarbeidet.

Rollefordeling i prosjektet		
Oppgåver	Ansvar	Ansvarsområde
Prosjekteigar	Kommunestyret (KOM)	Fastsett planprogram Vedtek endeleg plan
Politisk styringsgruppe	Medlemene i HTN	Innstillande politisk utval til kommunestyret Rådgjevande funksjon
Administrativ styringsgruppe	Rådmannen, og rådmannen si leiargruppe	Forankra planen i eigen organisasjon, og leggja planen fram til politisk handsaming
Prosjektansvarleg	Rådmannen	Ansvarleg for prosjektet Representant for adm. leiing
Prosjektleiari	Samfunnsplanleggjar	Ansvarleg for gjennomføring av planarbeidet
Administrativ arbeidsgruppe	Prosjektleiari og representantar frå dei ulike fagmiljøa i kommuneadministrasjonen	Organiserer arbeidsgrupper Sikrar godt kunnskapsgrunnlag

1.7 Planprosess

Planprosessen for ein kommunedelplan er lik som for kommuneplanar. Etter plan- og bygningslova (§ 4-1 og 4-2) og forskrift om konsekvensutredningar (§ 6) er det krav om at slike planar skal ha planprogram og at dei skal vera konsekvensutgreia.

Planarbeidet starta i 2015, med vedtak i kommunestyret om at planprogrammet skulle sendast ut på høyring og at det skulle varslast om oppstart av planarbeid. I samband med at planprogrammet skulle godkjennast, valte kommunestyret i staden å utvida plangrensa. Dette førte til at det måtte sendast ut nytt oppstartsvarsel, saman med eit justert planprogram som måtte på ny høyring. Planprogrammet blei endeleg godkjent i mars 2017. Administrativ arbeidsgruppe for planarbeidet blei fastsett i september 2019.

Då det justerte planprogrammet blei utarbeidd i 2016, var det med dei nasjonale forventingar og krav om utgreiingar som då gjaldt. Ein del har skjedd etter den tid når det gjeld krav til planarbeid. Dei nye krava er likevel teke omsyn til i denne planprosessen slik at dei gjennomførte planutgreiingane er tilstrekkeleg oppdaterte med omsyn til dei nye føringane for



planleggingsarbeid. Mellom anna har FN sine berekraftsmål, vurdering av klima, nye nasjonale forventingar, regional utviklingsplan og ny kommunal planstrategi hatt betydning for utforminga og innhaldet i planen.

Som eit ledd i planleggingsarbeidet blei det utarbeidd ein stadanalyse for planområdet. Denne har danna grunnlaget for vurderingar av framtidig arealbruk i sentrumsområdet. I tillegg har barnetråkkregistrering frå alle skulane i kommunen fungert som kunnskapsgrunnlag for vurdering i samanheng med barn og unge sine interesser i planlegginga.

1.8 Medverknad

Oppstartsvarsel med oppmoding om å koma med innspel blei annonsert i Haugesunds Avis og i Vestavind i mai 2015 og på nytt i januar 2016. Det blei sendt ut brev til offentlege styresmakter, politikarar, interessegrupper og næringsverksemdar i sentrumsområdet. I tillegg fekk alle kjente bygdelag, ungdomslag og velforeiningar i heile kommunen brev om saka, med oppmoding om å koma med innspel.

MEDVERKNAD	TEMA	TIDSPUNKT
Oppstartsvarsel	Kommunen bad om innspel til planprosessen og bad om merknader til forslag til planprogram	2015
Folkemøte	Kommunen orienterte om komande planarbeid og bad om innspel	Juni 2015
Ope arbeidsmøte	Publikum, politikarar, ungdomsrådet og administrasjonen blei delt inn i grupper for å laga enkel SWOT-analyse og koma med innspel. Arbeidet resulterte i ein rapport der innspel, kommentarar og merknader frå deltakarane er presenterte og der det er gjort nokre konklusjonar om kva ein bør leggja vekt på vidare i planarbeidet	Februar 2016
Innspel frå barnehagane	Invitasjon til dei tre barnehagane innanfor opphavleg planavgrensing til å gjennomføra «barnetråkk» og koma med innspel. Føresette til barna fekk òg delta. Viktigaste målet var å få oversikt over kva uteareal barnehagar og småbarnsfamiliar brukar i sentrumsområdet	Våren 2017
Barnetråkk-registrering	Kommunen gjennomførte barnetråkkregistrering på alle skuler i kommunen, på trinn 5 og heile ungdomstrinnet. Resultata (rapport) har fungert som kunnskapsgrunnlag for vurdering i samanheng med barn og unge sine interesser i planlegginga.	Våren 2017
Møte med næringa i sentrumsområdet	Frukostmøte og møte med næringsaktørar	2019 og 2021
Innspel	Kommunen har bedt om innspel til planarbeidet. Desse har vore eit viktig grunnlag for vurdering av nye utbyggingsføremål, saman med kommunen sine eigne innspel	Kontinuerleg i heile planprosessen
Interne møter i arbeidsgrupper/	Alle relevante, interne einingar har fått høve til å uttala seg om planarbeidet og koma med innspel. Det har vore fokus på spørsmål om det er sett av tilstrekkeleg med byggjeområde for dei ulike føremåla, om viktige	Kontinuerleg i heile planprosessen



	Samfunnsfunksjonar blir fanga opp i planen og om der er for mykje eller for lite fokus på nokre område	
Møter i politisk styringsgruppe	Arbeidsgruppa har lagt fram planforslag under prosessen og bedt om tilbakemelding frå politisk styringsgruppe, som i sin tur har vore aktiv i samband med fastsetting av retningslinjer for planarbeidet og i utforminga av plankartet og føresegnene.	Kontinuerleg i heile planprosessen
Samtale med fylkeskommunen	Avklaring om behov for og plassering av busslommer og mogleg tilrettelegging av mindre bussterminal/busstopp	April 2020
Dialogmøte med grunneigarar	Kommunen har aktivt teke kontakt med grunneigarar som har eigedomar som prosjektet har hatt ønskje om å avklara. Dei har fått tilbod om møte med kommunen.	Frå august 2020 og utover
Planforum	Det blei halde digitalt planforum der føremålet var å bidra til gjensidig informasjon, drøfta og avklara planspørsmål og sektorinteresser mellom kommunen, fylket og sektormynde.	November 2020
Informasjonsmøte	Det blei halde eit ope informasjonsmøte i starten av høyringsperioden til planforslaget, der planen blei presentert.	Juni 2022
Offentleg ettersyn	Planen blei lagt ut til offentlig ettersyn. Det blei annonsert i Vestavind og Haugesunds Avis, samt på Sveio kommune sin nettstad. Det blei også sendt ut brev til innbyggjarane innanfor planområdet, og til aktuelle offentlege instansar.	Juni til August 2022



2 STRATEGISKE VAL

Kommunen har eit ansvar å sikra tilstrekkeleg godt tilbod til alle innbyggjarane. Dette omfattar mellom anna tilgang til helsefunksjonar, barneskule, barnehage, bibliotek, butikk, servicetenester, omsorgssenter, ungdomsskule og sentralidrettsanlegg. Alle desse funksjonane kan ikkje etablerast alle stader i kommunen. I kommunar der folketalsgrunnlaget tilseier at det berre er grunnlag for ein eller nokre få av kvar av desse funksjonane i heile kommunen, vil det vera både praktisk og økonomisk føremålstenleg å samla slike viktige samfunnsfunksjonar på ein plass i kommunen. I den samanheng er som regel kommunesenteret den naturlege plasseringa.

Å leggja til rette for eit attraktivt og funksjonelt sentrum vil bidra til auka interesse for busetting og nye etableringar, som i sin tur gjev eit betre tilbod til alle innbyggjarane i kommunen. Eit betre tilbod vil òg styrka føresetnadene for at bygdene fortsett skal vera livskraftige og at folk skal ønskja å bu i kommunen. Med det som grunnlag er det eit felles interesse (og ansvar) å skapa meir aktivitet i Sveio sentrum og sikra at kommunesenteret er attraktivt og i vekst.

Arealplanlegginga si oppgåve ligg hovudsakleg i å sikra gode areal for å oppretthalda eit godt kommunalt servicetilbod, verna om dei allmenne interessa og å leggja til rette for at det er tilstrekkeleg med relevante utbyggingsområde. Sentrumsplanen vil i denne samanheng vera grunnlaget for vidare detaljert planarbeid og konkrete utbyggingstiltak.

I tillegg til lovverket og dei nasjonale og regionale forventingane til kommunal planlegging er det nokre kommunale føringar som har lagt grunnlaget for planarbeidet. Eit viktig utgangspunkt er visjonen, den kommunale planstrategien, og det pågåande arbeidet med ny kommuneplan for Sveio.

Visjonen til kommunen er *Vilje til vekst og ein god stad å leva*. I det ligg eit ønskje om fortsett folketalsvekst med tilhøyrande aktivitet og auka næringsaktivitet i heile kommunen. Kommunen si plassering midt mellom Bergen og Stavanger, heilt sentralt mellom Sunnhordland og Haugalandet er eit godt utgangspunkt for vidare utvikling. Sveio ligg med andre ord «midt i leio».

2.1 Viktige felles fokusområde

Det er utarbeidd nokre felles fokusområde i forslaget til ny samfunnsdel til kommuneplanen. Desse tema skal vera med i alt arbeid kommunen utfører og i alle planprosessar. Det gjeld;

- klimatilpassing,
- folkehelse,
- digitalisering,
- samfunnstryggleik og beredskap, og
- demografiske endringar

(for meir informasjon om felles fokusområde, sjå kommunal planstrategi)

2.2 Dei strategiske vala

Kommunen skal arbeida for å sikra tenester med kvalitet, leggja til rette for god planlegging, sikra gode miljø, identitet og gode verdiar. I den samanheng er det definert 12 strategiske val, som skal fungera som styringsverktøy for utviklinga i kommunen. Det er politiske føringar, henta frå planstrategien, og nedfelt i arbeidet med kommuneplanen. Desse vil òg vera førande for sentrumsplanen.



- Skapa arbeidsplassar
- Stimulera til bustadutbygging med fokus på prinsippa om samordna arealplanlegging
- Styrkja sentrumsutviklinga og senterstrukturen for å sikra god tilgang til handel, tenester og servicefunksjonar for innbyggjarane
- Det er ønskje om vekst i heile kommunen
- Sikra gode og trygge trafikktilhøve
- Sikra gode bumiljø med tilgang til daglege funksjonar
- Samarbeida med nabokommunar, og vera med å støtta Haugesund og Leirvik som regionsenter
- Vidareutvikla god tenesteyting til ibuarane
- Styrkja skulen i høve til kunnskap i lesing og rekning
- Sikra gode grøntområde og tilgang til friluftsliv
- Aktivt utvikla potensialet det er å vera ein kystkommune
- Vidareutvikla dei kulturfyrtårna kommunen allereie har, og leggja meir vekt på reiseliv, turisme og oppleving i kommunen

Basert på dei strategiske vala er det i kommuneplanarbeidet sett overordna mål for dei ulike fagområda i kommunen:

- | | |
|--|---|
| • Helse og omsorg | <i>God helse, eiga meistring og trivsel</i> |
| • Skular og barnehagar | <i>Gode oppvekstvilkår</i> |
| • Kultur | <i>Aktive lokalmiljø og mangfald</i> |
| • Reiseliv, turisme og fritidsbustader | <i>Aktivitet og attraktivitet gjennom lokale tiltak</i> |
| • Bustad- og næringsutvikling | <i>Befolkningsutvikling, arbeidsplassar og vekst</i> |
| • Sentrumsutvikling | <i>Aktivitet i eit attraktivt kommunesenter</i> |
| • Samferdsle og infrastruktur | <i>Trygg trafikk, gode kommunikasjonar og kommunale anlegg</i> |
| • Bruk og vern av strandsona | <i>Bruk og vern av strandsona</i> |

Eit sterkt sentrum i vekst som har mange ulike funksjonar vil ikkje berre vera til fordel for dei som bur i området, utan vil koma alle innbyggjarar i kommunen til gode, og sentrumsplanen legg føringane for den vidare utviklinga.

Fokus i planarbeidet har vore å drøfta kva arealføremål som er viktigast å ha i eit kommunedelsenter, kva areal som må liggja mot Sveiogata, kor langt sentrumskjernen skal gå og kor langt borte grensa for sentrum ligg.



2.3 Mål for sentrum

I kommuneplanarbeidet er hovudmålet for sentrumsutviklinga at

Sveio kommune skal styrkja sentrumsutviklinga og gjera Sveio sentrum attraktivt for etablering av sentrumsfunksjonar, busetting og næringsaktivitet

Hovudmålet er delt inn i delmål og strategiar:

DELMÅL – kva vil vi?		STRATEGI – kva må vi gjera for å nå måla?
HOVUDMÅL		
<i>Sveio kommune skal styrkja sentrumsutviklinga og gjera Sveio sentrum attraktivt for etablering av sentrumsfunksjonar, busetting og næringsaktivitet</i>		
	Leggja til rette for å auka attraktiviteten i sentrum for innbyggjarane og besøkjande	<ul style="list-style-type: none"> • setja av tilstrekkeleg med areal til handel- og servicefunksjonar • definera miljøgate • sikra at det er gode turstiar i og rundt sentrum og tilgjenge til friluftsområde og til Vigdarvatnet • synleggjera kulturhistoriske element som viktige identitets- og miljøverdiar i sentrumsområda for å styrkja staden sin lokale identitet, historie og særpreg • sikra at det er kultur- og idrettstilbod i sentrum • arbeida for å skapa eit trygt sentrum • leggja vekt på trafikkisikring og at det er tilstrekkeleg med parkeringsplasser i sentrum
	Leggja til rette for auka bustad- og næringsaktivitet i sentrum	<ul style="list-style-type: none"> • aktivt bruka planprosessar til å skapa gode føresetnader for vidare utvikling • gjera det enkelt å etablere næring og bustader, utan omfattande planprosessar (detaljere sentrumsplanen) • auka bustadkonsentrasjonen for å skapa større folketalsgrunnlag for aktiviteter og næringsetablering • auka bustadkonsentrasjonen for at flest mogleg i sentrumsområdet har kort avstand til handels- og servicefunksjonar • leggja til rette for bustadbygging med livsløpstandard (eks. eldrebustader) • ha dialog med aktuelle næringsaktørar i sentrum



3 PLANOMRÅDET

Sveio kommune har 5 700 innbyggjarar. Med moderat vekst er det venta i overkant av 6 600 innbyggjarar i 2050 (15 % vekst). Ein stor del av desse kjem til å busetja seg i Sveio sentrum og områda rundt. I tettstaden Sveio var det i 2020 i overkant av 1 500 innbyggjarar og dei aller fleste av desse bur i einebustader, eller i fleirmannsbustader. Det er låg del registrerte leiligheiter i området.

Totalt bur om lag 33 % i dei to definerte tettstadane i kommunen, Sveio og Rophus (366 pers). Dette kan sjåast i samanheng med nasjonalt nivå som er på 82 %. Sjølv om det er relativt låge tal for sentrumsområdet så har talet på innbyggjarar som bur i ein tettstad i kommunen auka med 62% sidan år 2000. Då var det Sveio og Førde som var definerte som tettstader. Resterande del av busettinga er spreidd over heile kommunen, fremst i og rundt dei etablerte bygdene.



Figur 3-1 Utviklinga i sentrumskjernen, frå 1970 og 2019. Kjelde: norgeibilder.no



Sveio sentrum er eit ungt administrasjonssenter. Kommuneadministrasjonen blei ved kommunesamanslåinga i 1964 plassert i Sveio. Før den tid var området prega av landbruk og det var på det tidspunktet ikkje særleg mykje senterstruktur i Sveio, sjølv om den gamle kyrkja, kommunehuset, gamleheimen og skulen sto der. I dei mest sentrumsnære områda har utviklinga av bustader skjedd sporadisk og tilfeldig over tid.

Etter kvart kom bustadfeltet Krossleite, Fjellstad og Sveiåsen på 1970- og 1980-talet. Sentrumsområdet har etter kvart blitt bygd ut og dannar i dag eit sentrum med mange av dei funksjonane som ein ventar av eit slikt kommunesenter. Ved utbygginga av Sveiåsen I og II, som skjedde frå 1980-talet og fram til 2010, var bustadane og tomtene relativt store. Etter den tid har utviklinga gått mot mindre einingar, gjerne i form av tomanns- eller firmannsbustader.

Sjølv om utbygginga har vore god i heile kommunen dei siste 20 åra, folketalet har auka merkbar og nye næringer har kome til har kommunen ein stor handelslekkasje ut av kommunen. Den største grunnen til det er truleg at det fortsett er stor arbeidspendling ut av kommunen som gjer at folk vel å handla der dei arbeidar og der det er betre varetilgang. Samtidig bur ein stor del av befolkninga heilt nord og sør i kommunen der det er like langt til handelsstadane på Heiane og i Haugesund sentrum som til Sveio sentrum.

Sveio sentrum ligg noko avgrensa frå Fv. 47 som kan bidra til at forbipasserande innbyggjarar og andre reisande ikkje ser nokon nytta i å køyra innom sentrum for å handla. Eit relativt lågt innbyggjartal i sentrum bidreg i tillegg til eit for lågt befolkningsgrunnlag for enkelte næringsaktørar som vel å ikkje etablere seg der, noko som bidreg til mindre tilbod til varer og tenester og dermed lågare besøkstal. Men sjølv om utbygginga har gått langsamt i sentrum så er den på veg fram og veksten vil fortsetja med hjelp av medviten planlegging og tilrettelegging.



4 PLANEN

4.1 Plandokumenta

Plankartet med tilhøyrande føresegnar er dei juridisk bindande dokumenta i planen. I tillegg er det fleire lovpålagde oppgåver linka til planarbeidet som skal inngå i plandokumenta, men som ikkje er juridisk bindande. Det gjeld denne planomtalen, konsekvensutgreiinga og ROS-analysen. Planprogrammet som blei utarbeidd til planprosessen, og som dannar grunnlaget for planarbeidet har over tid blitt noko utdatert. Problemstillinga er likevel fanga opp i planprosessen, slik at naudsynte tema som ikkje er omtala i planprogrammet likevel er vurderte og omtalte i plandokumenta. Dette gjeld i hovudsak nye tema frå nasjonale og regionale føringar og nye kommunale strategiske val frå den kommunale planstrategien.

Til føresegnene er det utarbeidd eit vedlegg som viser utgreiing av kva planar som fortsett skal gjelda uendra i planen. Som del av konsekvensutgreiinga er det utarbeidd eit kort skriv om klimaendringane og klimatilpassing, som dannar grunnlaget for overordna vurdering av klimatematet, og det er utarbeidd eit kunnskapsgrunnlag for både miljøtema og risiko. I tillegg er det utarbeidd ROS-analyse som tek føre seg både fareidentifisering og sårbarheitsvurdering.

4.2 Planforum

Det blei halde digitalt møte i planforum i november 2020 der ordføraren, rådmannen og tre andre representantar frå administrasjonen, i tillegg til ein representant frå politisk styringsgruppe deltok. I tillegg var det fleire representantar frå Vestland fylkeskommune, NVE og statsforvaltaren til stade i forumet. Planforumet har til føremål å bidra til gjensidig informasjon, drøfting og avklaring av planspørsmål og sektorinteresser mellom kommune, fylke og sektormynde.

Kommunen fekk i planforumet tilbakemelding på tema og utfordringar knytt til fortettingsproblematikken, differensiering av bustadtypar, omdisponering av landbruksareal i sentrumskjernen, forventa folketalsvekst, fokus på grønstruktur, ROS-analyse, salamanderparken, gangveg til badeplass ved Melkeneset, og forholdet til regional plan for Haugalandet.

Det blei i tillegg omtalt uro mot kommunen om at planprogrammet frå 2015 kunne vera utdatert. Kommunen blei oppmoda om å ta ei vurdering av om planprogrammet er i tråd med noverande retningslinjer, og om ein bør ha eit utvida fokus på tema vidare i planarbeidet, der ein ser at det er skilnad mellom planprogram og noverande føringar.

4.3 Planprogrammet og aktuelle utgreiingsbehov

Planprogrammet blei godkjent i mars 2017, og det har danna grunnlaget for gjennomføringa av planprosessen. Nye overordna føringar og forventingar til planarbeid som har kome i ettertid, har blitt innarbeidd i arbeidet, slik at òg aktuelle utgreiingstema som ikkje er omtalte i planprogrammet likevel har blitt vurderte.

Planprogrammet viser følgjande føreslegne utgreiingstema:

- Tettstadsanalyse



- Trafikkanalyse
- Vurdering av miljø-, landbruks- og kulturminnetema
- Vurdering av teknisk infrastruktur

I tillegg viste planprogrammet to konkrete forhold som skulle vurderast i planprosessen:

- Val av alternativ for vidareutvikling i sentrumsområdet i samband med spørsmål om omdisponering av landbruksareal eller ikkje – tema om fortetting og landbruk
- Vurdering om Vikingland skulle inngå i planen eller ikkje – tema om planavgrensing og Vikingland

Nye tema som ikkje er tilstrekkeleg omtalte i planprogrammet er FN sine berekraftsmål, omsyn til klimaendringar og klimatilpassing, folkehelseaspektet og vurdering av risiko- og sårbarheit. Eit anna viktig tema er vurdering av om gjeldande reguleringsplanar som fortsett skal gjelda uendra. Dette er tema som er teke inn som utgreiingstema i planprosessen, sjølv om dei ikkje blei omtalte i planprogrammet. Dei strategiske vala som ligg i den siste kommunale planstrategien (2020-2023) er i denne samanhengen eit viktig grunnlag, i tillegg til nyare nasjonale forventingar og regional planstrategi.

4.3.1 Fortetting og landbruk

Planprogrammet viser at det er to reelle alternativ i forhold til landbruk i sentrumsområdet, i tillegg til 0-alternativet (som er referansealternativet). Tema her er fortettingspotensialet, og spørsmålet om omdisponering av landbruksareal som ligg midt i sentrum.

Alternativ A:

Fortetting innanfor dagens definerte sentrumsområde med utviding mot nord, aust og vest, der ein unngår å byggja på landbruksareal. Då det er dyrka mark i sentrumskjernen vil det bli eit meir spreidd utbyggingsmønster med auka transportbehov og lengre avstandar til sentrumskjernen, men landbruksareala blir liggjande urørte.

Alternativ B:

Auka grad av fortetting, mot sentrumskjernen, der einskilde landbruksareal blir tekne med som utbyggingsområde. Jordverninteresser og utbyggingsinteresser må vurderast opp mot kvarandre. I sentrale deler av sentrum kan det bli meir konsentrert utbygging, og for dei fleste blir det korte avstandar til sentrumskjernen.

0-Alternativet:

Ingen endringar i høve til gjeldande kommunedelplan. Ingen nye føremål eller utvida planområde. Senterstrukturen blir ikkje styrka gjennom nye føringar/retningslinjer. Regionale føringar for samordna areal- og transportplanlegging som legg vekt på auka konsentrasjon så nær senterfunksjonar som mogleg, blir ikkje oppfylte. I realiteten inneber 0-alternativet ikkje noko meir utbygging i planområdet, noko som kan føra til svekka tilbod av handel og tenester, mindre interesse for å bu i tettstaden og utarming av det sosiale miljøet.


Konklusjonane i planprosessen har vore at for å oppnå dei regionale føringane om god sentrumsutvikling og nasjonale krav om samordna bustad-, areal- og transportplanlegging, er det naudsynt å sikra fortsett vekst i sentrumskjernen. Alternativ B er vurdert som beste løysing, der dei mest sentrale landbruksareala kan vurderast omdisponerte til utbyggingsføremål, samtidig som dei litt meir perifere landbruksareala med gode føresetnader for fortsett drift blir

liggjande som LNF-område. Vurderinga har bidrege til at eit område nordvest i planen no er definert som kjerneområde for landbruk (omsynssone).

I føresegnene til planen er det sett krav om utbyggingsrekkefølge som viser at på jordbruksareal avsett til utbygging skal jordlova §§ 9 og 12 fortsett gjelda fram til areala blir teke i bruk til utbyggingsføremål. Driveplikta i jordlova § 8 skal difor følgjast opp så lenge areala er klassifiserte som fulldyrka jord, overflatedyrka jord eller innmarksbeite. På den måten sikrast fortsett drift av areala, fram til dei blir teke i bruk til utbygging. I tillegg er matjorda sikra gjennom krav om at ved utbygging av landbruksareal skal matjorda nyttast vidare i landbruksproduksjon, som jordforbetring eller ved nydyrking, men ikkje som markdekke i utbyggingsområda.

4.3.2 Planavgrensing og Vikingland


Planprogrammet viser at endeleg plangrense skulle fastsetjast i planprosessen. Varsla planavgrensing for planarbeidet blei sett med ein stor margin for å sikra at alle relevante område som kunne ha ein samanheng med sentrumsområdet skulle bli vurderte før endeleg plangrense blei sett.



Figur 4-1 Planavgrensing ved oppstartsvarsel

I løpet av planprosessen kom det fram at den naturlege avgrensinga mot sentrumsområdet er mindre enn det som opphavleg var varsla ved oppstart av planarbeidet. Utgangspunktet for fastsetting av plangrensa har direkte samanheng med føremålet med planen, om at kommunen «skal styrkja sentrumsutviklinga og gjera Sveio sentrum attraktivt for etablering av sentrumsfunksjonar, busetting og næringsaktivitet». Plangrensa blei difor justert tilsvarande.

Den viktigaste grunngevinga for plassering av plangrensa var at alle eksisterande og framtidige bustadfelt måtte inngå i planen, og at område som er direkte linka til sentrumsområdet skulle vera med. Alle innspela som kom inn til planprosessen, og som var innanfor varsla plangrense blei konsekvensutgreia, før endeleg avgjerd om kor planområdet skulle gå, for å sjekka ut at dei ikkje hadde nokon naturleg samanheng med sentrumsområdet. Desse areala vil bli vurderte i samband med kommuneplanarbeidet, basert på den gjennomførte konsekvensutgreinga i denne planprosessen.



Figur 4-2 Endeleg plangrense

Samtidig som arbeidet med sentrumsplanen starta opp, starta kommunen med områderegulering av ein stor fornøylespark, Vikingland, rett aust for sentrumsområdet. Arealet



for temaparken ligg så nærme sentrumsområdet at det vil ha stor betydning for sentrumsutviklinga den dagen parken er utbygd. Av den grunn blei parken teke med i det varsla planområdet. Ved oppstart av sentrumsplanen var det enno uklart om det var mest føremålstenleg å ha med Vikingland i planen eller ikkje. Mellom anna vil ein park medføre eit betydeleg større behov for parkeringsareal, handel- og servicefunksjonar, matsserveringar og overnattingsplassar enn dersom parken ikkje ville bli bygd ut. Konklusjonen blei at det var mest føremålstenleg å halda Vikinglandplanen utanfor sentrumsplanarbeidet, då parken hadde eigen pågåande planprosess, og det var usikkert kva tid parken kom til å bli bygd ut. Dersom sentrumsplanen skulle ta med Vikinglandområdet, måtte planen visa betydeleg meir utbyggingsareal enn det er behov for dersom parken ikkje blir bygd. Med bakgrunn i at arbeidet med områdereguleringa stoppa opp heilt under planprosessen blei det vurdert å vera risiko for at sentrumsplanen ville få feil fokus for å sikra god, føreseieleg utvikling av sentrumsområdet uavhengig av om det skulle koma ein temapark eller ikkje. Dersom Vikingland skulle inngå i planen, kunne føremåla som skal tena behova til temaparken fort «ta over» sentrumsplanen, og dei viktige tilhøva som skal sikrast i samband med sentrumsutviklinga kunne fort blir sett til side, til fordel for parken.

Områdereguleringa for Vikingland er enno ikkje ferdig, og den planen vil leggja føringane for kva behova vil bli i framtida, òg i sentrumsområdet. Det må utarbeidast både områderegulering og detaljregulering før parken kan byggjast ut og difor vil det med all sannsyn vera god tid til å revidera sentrumsplanen før parken opnar. Det er såleis vurdert å vera lite føremålstenleg å leggja til rette for ein sentrumsplan som legg opp til stor auke i aktiviteten som følgje av utbygging av ein fornøyelsespark, som enno ikkje er avklara med områderegulering. Takast området med må det takast høgde for behova til parken, takast det ikkje med kan ein leggja til rette for dei behova sentrum har utan parken, noko som på dette tidspunkt er det mest realistiske alternativet. Det har likevel i heile planprosessen vore vurdert korleis ein kan sikra framtidig utvikling dersom parken blir realisert.

4.3.3 Stadanalysen

Målet med gjennomføring av stadanalyse var å avklara planområdet sine moglegheiter til det lokale og regionale omlandet, endringar i utbyggingsstrukturar, behov for sentrumsstruktursatsing og konsekvensar av mogleg utbygging av Vikingland.

Stadanalysen for sentrumsområdet blei ferdigstilt i 2019, og den tok utgangspunkt i planavgrensinga som det blei varsla oppstart for. Analysen viser situasjonen i dag, med eksisterande utbyggingsmønster, og kva moglegheitene er for framtida. Føremålet med arbeidet var å skaffa eit større kunnskapsgrunnlag til planarbeidet, og leggja grunnen for vurdering av kva areal som bør sikrast for allmenne interesser og kva areal som er best eigna til utbygging. Stadanalysen ligg i eigen rapport.

4.3.4 Trafikkanalyse

Planprogrammet viser at det var behov for trafikkanalyse for å avklara forhold som gjeld endringar i trafikkmonster, trafikkomfang og kapasitet på vegnettet, særskilt i samband med ei eventuell framtidig vekst i trafikken i sentrumsområdet, som vil koma som følge av utbygging av Vikingland. Det er ikkje venta at ordinær vekst i folketalet vil endra trafikksituasjonen så mykje i sentrumsområdet som bygging av Vikingland vil gjera.




Ved bygging av Vikingland er det estimert å komma opp til 5 000 besøkjande på dei mest besøkte dagane ved eit årleg besøkstal på 300 000. Målsettinga for parken er å ha opp til 1 million besøkande årleg ved full drift. Med 300 000 besøkande vil det vera meir enn 1 300 køyretøy (inkl. ordinære trafikk) på Fv. 47 på dei mest trafikkerte dagane. Delar av denne trafikken vil passera sør for sentrumsområdet, men hovudparten vil koma frå aust via E39. Ein del av denne trafikken vil med stor sannsyn køyra inn i sentrumskjernen for å handle og nytta servicetilbodet i Sveiogata. Eksisterande kryss vil i den samanheng få auka belastning, men truleg ikkje så stor at den vil medføra store konsekvensar i startfasen til parken. Vurderinga er basert på at sentrumsplanen, slik den ligg no, ikkje opnar for meir sentrumsfremål enn det som er naudsynt for ordinær vekst i området. Det er såleis ikkje lagt til rette for omfattande auke i besøkstal, og det er ikkje opna for overnatting eller andre besøksintensive aktivitetar som vil auka trafikken vesentleg ved utbygging av parken. Desse spørsmåla må takast omsyn til i samband med bygging av temaparken, dersom den i framtida blir realisert, og den justering av sentrumsplanen som må koma i den samanheng.

Utan Vikingland må trafikktemaet i sentrumsplanen handla om trafikktryggleik, særleg frå bustadfelta til skulen og sentrumskjernen, tilrettelegging for miljøgate og parkering. Sjå meir om temaet i kapittelet om *Samferdsel, trafikktryggleik og kommunikasjon*.

4.3.5 Vurdering av miljø-, landbruks- og kulturminnetema

Målsettinga i planprogrammet med vurdering av miljø-, landbruks- og kulturminnetema var for å sikra og verna om allmenne interesser. Aktuelle område er lokaliserte og sikra med omsynssoner i plankartet. Det gjeld mellom anna våtmarksområde inst i Vikjo, Salamanderparken, kjerneområde for landbruk på Åse og diverse kulturminne og –miljø.




Figur 4-3 Oversikt over kulturminne og –miljø. Omrisset viser varsla planavgrensing ved oppstart av planarbeidet. Kjelde: Stadanalysen for Sveio sentrum

4.3.6 Vurdering av teknisk infrastruktur

Det er utbygd kommunalt vatn- og avlaupsnett i heile planområdet og det er vurdert å vera tilstrekkeleg kapasitet i området. Utfordringa kan koma når det skal etablerast anlegg til kvart enkelt byggjefelt/eigedom. Det kan i den samanheng bli aktuelt å leggja nye leidningar fram til områda, og å etablera pumpestasjonar.

Alle utbyggingsområde må sikra at overvatn blir handtert lokalt. Føresegnene legg opp til at overvatn skal handterast innanfor kvart enkelt tiltaks- og utbyggingsområde, slik at det ikkje fører til at andre område flaumar over eller at det blir eit vasshandteringsproblem i eller utanfor området.



Figur 4-4 Oversikt som viser eksisterande kommunalt VA-nett i analyseområdet (vassleidning, overvatn og spillvatn). Kjelde: Stadanalysen for Sveio sentrum

4.3.7 Vurdering av risiko- og sårbarheit

Tema som gjeld vurdering av naturbaserte hendingar, klimaendringar/klimatilpassing, grunnforhold, flaum, støy mv. er omtalt i kapittelet om *Samfunnstryggleik og beredskap* og i vedlegga om risiko- og sårbarheitsanalysen.

4.4 Reguleringsplanar som framleis skal gjelda og plankravet for nye tiltak

Alle godkjente reguleringsplanar innanfor planområdet er vurderte basert på om dei bør vidareførast uendra, gjelda saman med kommunedelplanen eller opphevast, basert på gjeldande nasjonale og regionale føringar. I planen er det fire planar som er vurderte oppheva eller erstatta. Dei planar som er omtalte i vedlegget til føresegnene er vidareførte i



sentrumsplanen og vist i plankartet som planar som skal vidareførast. Vurdering av kvar plan er vist i vedlegget *Vurdering og vidareføring av reguleringsplanar*.

For alle framtidige utbyggingsføremål er det gjort konkret konsekvensutgreiing og vurdert om det er behov for krav om utarbeiding av detaljert reguleringsplan før dei kan byggjast ut. I prinsipp er det vurdert at i område sett av til framtidige utbyggingsføremål skal det stillast plankrav. Mindre utbyggingstiltak på eksisterande bygningar og mindre tiltak knytt til infrastruktur, samt bruksendring av eksisterande bygningar dersom tiltaket elles er i samsvar med kommunedelplanen, kan bli unnateke frå plankravet. Dei områda dette gjeld, samt tiltak som er unnateke plankravet er omtalte i føresegnene (§ 2.3.2).

Krav om reguleringsplan for framtidige tiltak følgjer pbl. § 12-1. Pbl. § 11-6 gir at der det ikkje er stilt krav til reguleringsplan, skal kommuneplanen følgjast ved avgjerse av søknad om løyve, eller ved foreståelsen av tiltak etter §§ 20-2 og 20-5.

4.5 Erfaring frå tidlegare kommunedelplan

Låg folketalsvekst i heile regionen har bidrege til liten ny aktivitet i heile kommunen, òg i sentrumsområdet. Utviklinga i kommunen har likevel vist ein folketalsvekst over fleire år, og kommunen er spådd å få den høgaste veksten, i forhold til storleik, blant kommunane i Sunnhordland og på Haugalandet fram til år 2050. Det er venta ei vekst på 15 % som motsvarar om lag 870 nye innbyggjarar dei neste 30 åra. Mange av desse kjem til å busetja seg i Sveio sentrum.

Den førre sentrumsplanen frå 2010 viste allereie mykje areal for relativt stor utbygging. Den heimla fleire reguleringsplanar som har blitt godkjente i planperioden, men som enno ikkje har blitt utbygde. Likevel har det skjedd avgrensa utbygging i sentrumsområdet dei siste åra, og diverse verksemdar i den lokale handels- og servicenæringa har både etablert seg og avvikla verksemda i den tida. Det er såleis ikkje den tidlegare sentrumsplanen som har bidrege til den låge utviklingsgraden. Med bakgrunn i at det likevel er vurdert å bli ein relativt stor folketalsvekst i Sveio i framtida vil det vera viktig å oppretthalda moglegheita for god utvikling i sentrumsområdet og at det er sikra rom for utviklinga.

4.6 Samla konsekvensar av planen

Alle dei skriftlege innspela til planarbeidet har vore vurderte og konsekvensutgreia i planprosessen. På den måten har ikkje nokre innspel blitt tilfeldig luka ut før konsekvensane har vore vurderte. Der det under konsekvensutgreiinga blei avdekt konfliktpunkter, blei det alltid søkt å finna alternative løysingar (avbøtande tiltak og justering av grenser) før innspela eventuelt blei tilrådd eller teke ut av planen. Alle innspela blei i tillegg òg vurderte opp mot lovverk, overordna føringar og dei kommunale retningslinene (politiske føringar).

Det er vurdert å vera relativt lite endringar i den nye planen, sett opp mot den tidlegare planen. Endringane inneber utvida plangrense, nokre justerte arealføremål og nokre nye område har kome til. Det er vist fleire turveggar, og sjølv om ikkje alle er viste i plankartet så er dei teke omsyn til i samband med plassering av nye utbyggingsområde. I tillegg er det lagt inn gang- og sykkelveg eller fortau langs Løkjavegen opp til omsorgssenteret og på nordre side av Sveiogata. Alle godkjente reguleringsplanar som skal vidareførast uendra er vist med omsynssone og hovudarealføremål i bakgrunnen. Det er opna for tilgang til Vigdarvatnet direkte frå



sentrumsområdet gjennom småbåtanlegg i Vikjo. Det er òg lagt til rette for betre tilkomst til eksisterande badeplass ved Melkeneset, som går langs Fv. 47 mellom undergang til Krossleite og tunnel sør for Mannaberget. I tillegg er det sikra areal for utviding av golfbanen og fleire område er sett av til offentleg/privat tenesteyting for å sikra areal til moglege framtidige behov. Planen legg òg opp til blanda føremål enkelte område, slik at ein kan finna gode løysingar for framtida.

Det er lagt inn nye bustadområde på Åse, som skal sikra noko større utsiktstomter, som motvekt til dei mindre einingane som allereie er bygde eller planlagde heilt sentralt i planområdet. Innanfor det som er definert som sentrumskjerna (nord og sør langs Sveiogata) skal det sikrast konsentrert busetnad og god arealutnytting. På den måten kan det sikrast god variasjon av ulike befolkningsgrupper, fordelt på ulike aldrar og sosial og økonomisk bakgrunn.

Då planområdet er lite utsett for risiko for uønskte hendingar og har avgrensa med verdiar innan kultur, natur, landbruk og friluftsliv, vil planen medføra relativt avgrensa negative konsekvensar for samfunn og miljø. Dei viktige områda for allmenne interesser er sikra i planen med omsynssoner og det er ikkje lagt inn utbyggingsføremål der desse er. Dei innspela som blei vurdert å gje uakseptable konsekvensar blei ikkje teke med i planen.


Konklusjonen er at sentrumsplanen ikkje inneber store endringar i forhold til tidlegare plan og den er vurdert å ikkje få store negative konsekvensar for miljø og samfunn, men samtidig har justeringane vore viktige for å sikra fortsett god utvikling av sentrumsområdet.

5 AREALSTRATEGIAR

5.1 Om arealbruken og samordna areal og transportplanlegging

Eit viktig prinsipp i tankane bak samordna areal- og transportplanlegging er å leggja til rette for auka fortetting slik at ein kan oppnå mindre bilbruk og auka bruk av gonge og sykkel.

Stadanalysen for sentrum viser at ein sykkelavstand på 5 km går eit godt stykke utanfor den varsla plangrensa for sentrumsplanen.



Figur 5-1 Gange- og sykkelavstand frå sentrumskjernen. Kjelde: Stadanalysen for Sveio sentrum

Den varsla plangrensa blei vesentleg avgrensa under planprosessen, slik at endeleg planområde er basert på kva område som realistisk høyrer til sentrumsområdet, og der det er vurdert å vera akseptabel avstand for gonge og sykkel, jf. endeleg plangrensa i figuren lenger opp.

Utbyggjarane står ikkje i kø for å byggja ut i Sveio sentrum, og i kampen om å få dei til ein utkantkommune, er det difor viktig å ha tilgang til attraktive areal og at areala er klare for regulering og utbygging når det er nokon som ønskjer å byggja på dei. Restriksjonar kan bidra til



at utbygginga uteblir, som i sin tur medfører tapt folketalsvekst og svekka kommunesenter. Faseinndeling av utbyggingsområde, der enkelte område må byggjast ut før andre, er eit eksempel på restriksjonar som kan hindra mange prosjekt i ein mindre kommune der talet nye bustader i heile kommunen ligger mellom 10-100 per år. Når kommunen gjennom kommunedelplanen har fastsett arealbruken, må det ikkje vera hindringar for å ta i bruk areala den dagen når utbyggingsaktørane ser at det er potensiale i marknaden og er villige til å etablere prosjekt i sentrumsområdet.

Sentrumsplanen legg opp til ein arealreserve for bustadbygging som er godt over det som vil vera behovet for å dekkja venta folketalsauke i planperioden. I staden for å laga ein «skyggeplan» for framtidig utbygging, er det i planen gjort ei samla vurdering av kva areal som eignar seg til bustader innanfor planområdet for eit lengre tidsperspektiv enn det planen gjeld for. På den måten vil planen leggja langsiktige føringar for utforminga av sentrumsområdet, samtidig som det er teke stilling til kva allmenne interesser som skal sikrast. Uavhengig av kor stor eller liten utbygginga blir i framtida, så vil det i ein slik plan allereie vera fastsett kva areal som eignar seg til bustadføremål, utan å få store konsekvensar for miljø og samfunn. Med den argumentasjonen er det ikkje sett nokre rekkjefølgjekrav eller krav om faseinndeling for utbygging av bustadareala i planen.

For meir informasjon om vurderinga bak arealbruken og samordna areal- og transportplanlegging, sjå vedlegget *Arealstrategiar og arealbruk*.

Arealrekneskap

I regional plan for Haugalandet er det sett krav om minimum 3 bustader per daa innanfor 500 meter frå sentrumskjernen og minimum 2 bustader i nærliggjande bustadområde.

Kommuneplanen for Sveio fastsett at det er vurdert å vera eit generelt behov for utbyggingsareal tilsvarande 2 daa per bustad i område som viser utbyggingsføremål for bustader utanfor det som er definert som sentrumskjerna, for å sikra både bustad og alle tilhøyrande og naudsynte felles areal, som leikeplassar/uteopphaldsareal, grønstruktur, veganlegg og parkering. Då dei fleste utbyggingsområda i sentrumsplanområdet ligg i område med terrengskilnader er der særskilt viktig å sikra tilstrekkeleg areal for god og trygg utbygging. For framtidig bustadføremål innanfor sentrumskjerna skal det leggjast til rette for effektiv arealutnytting, med minimum 3 bustader per daa.



Planlagt arealbruk - arealoversikt over nye utbyggingsområde, omsynssoner og føresegn- område

NYE BYGGJEFØREMÅL	DAA
Bygninger og anlegg pbl § 11-7 nr. 1	
Bustader (1110) (50)	918,3
Sentrumsføremål (3)	27,0
Offentleg eller privat tenesteyting (15)	293,1
Næring (6)	247,1
Idrettsanlegg (5)	1399,1
Andre typar bygningar og anlegg (4) (naust, småbåthamn på land)	19,1
Kombinert byggje- og anleggsområde (Sentrumsfunksjonar; forretning, kontor, bustader mv.) Off. eller priv. tenesteyting/bustader Off. eller priv. tenesteyting/idrettsanlegg	279,6
Sum bygningar og anlegg	3183,2
Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur Pbl §11-2 nr. 2	
Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (13)	73,0
Veg (53)	70,2
Parkeringsplassar	1,6
SUM samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur	144,8

Grønstruktur pbl § 11-7 nr. 3	
Blågrøn struktur (3)	16,3
Naturområde (2)	53,5
Turdrag (13)	21,4
Friområde (2)	4,6
Park	1,7
Sum grønstruktur	97,5
Landbruks-, Natur- og friluftsføremål pbl §11-7 nr. 5	
LNFR	2585,7
LNFR-Spreidd bustadar	43,8
Sum LNF	2629,6
Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone pbl § 11-7 nr 6	
Friluftsområde (21)	343,4
Sum bruk og vern av sjø og vassdrag	343,4
Sum totalt for alle føremål	6398,5


Omsynssoner pbl § 11-8	DAA
Nedslagsfelt drikkevatt (H110)	218,1
Ras- og skredfare	1155,8
Flaumfare (H320)	1039,8
Høgspenningsanlegg (inkl. høgspenkablar) (H370)	17,5
Omsyn landbruk (H510)	110,3
Omsyn friluftsliv (H530)	1181,2
Omsyn landskap (H550)	194,6
Bevaring naturmiljø (H560) (3)	294,1
Bevaring kulturmiljø (H 570) (8)	184,9
Bandlegging for regulering etter pbl (2)	113,3
Bandlegging etter lov om naturvern	18,3
Bandlegging etter lov om kulturminne (2)	5,2
Gjeldande reguleringsplan skal framleis gjelda (26)	274,7
SUM	5650,1

5.2 Naturmangfald og naturmiljø

Naturen er viktig for sveibuen. Klimaendringane og ukontrollert utbygging er store truslar for naturmangfald og naturmiljøet. Kommunen må leggja til rette for å sikra dei viktige områda slik at desse ikkje blir bygd ned eller at viktige dyr- og planteartar får endra forhold som gjer det vanskelegare å overleva. I Sveio må det difor arbeidast med klimatilpassing, som mellom anna inneber å minska på klimagassutsleppa, og at utbygging i nærleik til område med verdifulle areal for naturmangfald skjer med omsyn til verneverdien, slik at verdiane ikkje går tapte for framtida.

I sentrumsområdet er storsalamanderen den viktigaste raudlista arten å verna. I den samanheng er Salamanderparken oppretta. I tillegg er våtmarksområdet inst i Vikjo eit viktig område for vadande og hekkande fuglar. Begge desse areala er avsett til naturområde og LNF-areal i plankartet.

Retten utanfor plangrensa ligg Bjellandsvatnet og Mannavatnet som er to naturreservat. Ein mindre del av Bjellandsvatnet er innanfor planområdet til kommunedelplanen. I føresegnene er det lagt inn ei omsynssone som bandlegg



Figur 5-2 Oversikt over registrert naturmangfald. Kjelde Stadanalysen



området etter lov om naturvern (H720) for å sikre naturreservatet. Retningslinja i føresegnene viser også til forskrift om freding av Bjellandsvatnet naturreservat. Mannavatnet er ikkje innanfor planområdet til kommunedelplanen. På Åse i vest ligg i tillegg eit særskilt viktig område for naturbeitemark som er omfatta av omsynssone landbruk (H510). Denne omsynssona skal sikre landbruksinteressene med vidare drift, og hindre at det blir gjennomført tiltak eller fysiske inngrep som kan medføre øydelegging eller nedbygging, eller som på annan måte kan redusere verdien av landbruksområda vesentleg i høve til aktiviteten det er lagt til rette for. På Åse er det også lagt inn ei omsynssone for bevaring av naturmiljø (H560) som sikrar bevaring av viktig naturbeitemark. Denne omsynssona for bevaring av naturmiljø er også lagt på våtmarksområde inst vest i Vikjo, for å sikre og bevare naturmiljøet for vadande og hekkande fuglar.



Figur 5-3 Våtmarksområdet inst i Vikjo



Vassressurslova har i § 11 til hensikt å sikra kantsonene langs vassdrag. Den viser at det skal oppretthaldast eit avgrensa naturleg vegetasjonsbelte som skal motverka flaum og avrenning, og som skal fungera som levestad for plantar og dyr. Ved regulering eller tiltak langs vassdrag bør det avklarast kor stort vegetasjonsbelte som er naudsynt for å sikra vidare vassføring og vegetasjon, og det bør leggjast til rette for god overvasshandtering for å unngå at området og areala rundt blir flauma over, eller at vassdraget skiftar retning i samband med store nedbørsmengder.

Figur 5-4 Åseelva vest for sentrumskjernen i landbruksområde



5.3 Landskap

Sveio kommune har store natur- og kulturlandskapskvaliteter. Utbygging i område med verdifull landskap må skje med omsyn til verneverdien, slik at verdiane ikkje går tapte for framtida.


Det er to landskapstypar som er registrert i planområdet. Areala som ligg rundt Vigdarvatnet er registrert som *Kystnær skogkledd innlandsslette med bebyggelse/infrastruktur*. Areala i nordre del av sentrum er registrert som *Småkupert ås- og fjellandskap under skoggrensen med bebyggelse/infrastruktur*. Begge desse landskapstypane har landskap med eit tydeleg preg av menneskeleg påverknad med utbygde område og infrastruktur.

Landskapet er nokså typisk for heile kommunen og for Vestlandet, med unntak for Åseåsen som er registrert som svært viktig naturbeitemark. Arealet er markert i plankartet med *Bevaring naturmiljø* for å sikra det viktige kulturlandskapet.

5.4 Friluftsliv, grønstruktur og rekreasjon

Saman med barnetråkkregistreringa i 2017 gjennomførte kommunen ei omfattande kartlegging av friluftslivsområde i heile kommunen. Denne kartlegginga er registrert inn i Naturbasen. Den viser at Vigdarvatnet er eit svært viktig friluftslivsområde, saman med golfparken, Melkeneset og Salamanderparken/Mannaberget.

I tillegg er Åseåsen og Furevatnet/ Istertveit registrerte som viktige friluftslivsområde. Rossafjellet med vegen opp til høgdebassenget, og Åna, sør for Krossleite er registrerte som nærturterreng. Med unntak av delar av Melkeneset er desse områda vist i plankartet som omsynssone for friluftsliv (H530), og det er ikkje opnar for ny utbygging der. Føresegnene gir at det ikkje er tillate med tiltak eller fysiske inngrep som kan redusere bruksverdien av friluftslivsområda. Enkel tilrettelegging for friluftslivaktivitet er tillate etter særskilt avtale med grunneigarar.



Figur 5-5 Oversikt over viktige friluftslivsområde frå Naturbase



Figur 5-6 Badestranden ved Melkeneset

Det er ikkje nokre statleg sikra friluftslivsområde innanfor planområdet, men delar av Melkeneset, mot Vidgarvatnet, der badestranden ligg, kan eigna seg godt til det.

I og rundt planområdet ligg det fleire gode friluftslivs-område og planen sikrar tilkomst til desse. Det er lagt inn nokre nye gangveggar i plankartet, og i tillegg vil hovudvegnettet med fortau og gang- og sykkelveggar tena som del av eit større og samanhengande turvegnett.

Nokre turstiar er vist i planen som turdrag. Langs Åseelva er det blant anna vist til framtidig tursti, som kan fungere som eit bindeledd mellom bustadområda, samt for å leggje til rette for fleire turmoglegheiter og friluftsliv i Sveio sentrum. Det er langt fleire turstiar i planområdet som ikkje er merka av i planen, men dei inngår anten som del av internt vegnett i utbyggingsområda eller ligg i LNF-område. Føresegnene legg opp til at det i alle LNF-område kan etablerast gangveggar for å knyta byggjeområde saman eller for å sikra god tilkomst til friluftslivsområde. På den måten er det lagt til rette for etablering av eit større nettverk av tilkomstveggar i og rundt sentrumsområdet.

Salamanderparken midt i sentrum er eit viktig nærmiljøområde som tenar både innbyggjarar og besøkjande i sentrum, i tillegg til skule og barnehage. Golfbanen har opparbeidd og lyssett turveg i rundløype som kan brukast heile året. Når det er snø på vinteren kan den bli preparert som skiløype. Paddevegen og grusvegen opp til høgdebassenget er gode turveggar med særskilt avgrensa biltrafikk.



Figur 5-7 Grusvegen opp til høgdebassenget er flittig brukt av turgåarar

Rundt Forevatnet er det gode turområde og ved Melkeneset er badeplassen. Frå Bjellandsvatnet går Bjellandselva ned til Vidgarvatnet, og området er tilrettelagt og opparbeidd som for turgåarar. Åseåsen har store kvalitetar som turområde grunna det unike kulturlandskapet der.



Kommunen har eit ønskje om samanhengande rundturløype, der det er tilkomst til badeplassen ved Melkeneset. Det er sikra i reguleringsplankartet i form av gangveg langs Fv. 47.




Figur 5-8 Rasteplassen ved Melkeneset, utan gangveg til sentrum

5.5 Kulturminne og kulturmiljø

Kulturminne og kulturmiljø er ikkje-fornybare ressursar og saman med kulturlandskapet er dei unike kjelder til kunnskap og opplevingar, for utvikling av lokalsamfunnet og for verdiskapinga. Det er gjennomført omfattande registreringar av kulturminne og kulturmiljø i kommunen som har resultert i ein eigen kommunedelplan for kulturminne (kulturminneplanen).

I utviklingsområde som Sveio sentrum kan risikoen for nedbygging av viktige kulturmiljø og fjerning av verneverdige kulturminne vera ei utfordring. Plankartet viser dei bevaringsverdige areala med omsynssone (H570). Kulturminne eller kulturmiljø skal bevarast i størst mogleg grad, tiltak som kan øydeleggja kulturmiljøet, eller undergrave dette, skal bli unngått med mindre tungvegande omsyn tilseier noko anna.



Figur 5-9 Område som er markerte i kulturminneplanen som omsynssoner. Kjelde: Stadanalysen for Sveio sentrum

Det er relativt få kulturminne i sentrumsområdet. Difor har dei få som er der, særleg høg verdi for lokal identitet og kunnskap om den lokale historia. Sveio kyrkje, mellomalder kyrkjegard, nokre våningshus med gardstun, nokre gravrøysar, gravplass, restar etter vassdragsmiljø (stem og ruinar etter kvern) og kulturmiljø er eksempel på kulturminne som er automatisk freda eller som er viste som viktige kulturminne i kulturminneplanen. Desse er viste i plankartet med omsynssoner. Føresetnaden for utbygging i eller i nærleiken til slike areal må vera å sikra både kulturminna og landskapsroma desse ligg i.

Det har i tidlegare planar for Sveio sentrum vore ei 60-meter bandleggingssone rundt Sveio kyrkje, i samsvar med tidlegare kyrkjelov (§ 21). Ny kyrkjelov kom 1. januar 2021, og i den samanheng blei ikkje bandlegginga av 60-metersona rundt kyrkjer i spreidd utbygde område vidareført. Kommunen har likevel valt å vidareføra sona som omsynssone for å sikra at det i framtida blir teke omsyn til kyrkja sin posisjon i sentrumsområdet. Dette er vist i plankartet.

5.6 Landbruk

Kommunen har ei relativt stor del av sysselsetjinga i jordbruket og mykje at næringsutviklinga skjer der eller med basis i menneskelege og materielle verdiar knytt til landbruket. Dette til tross for at jordbruket er prega av mange mindre teigar, og at det er få større samanhengande dyrka eller dyrkbare område. Landbruksareala er viktige for matproduksjonen, opplevingsverdiar og naturmangfaldet, og difor bør jordvernet stå sterkt.

Den gode matjorda gjer seg best der den allereie ligg, og utgangspunktet i jordlova er at jordbruksareal skal drivast (driveplikt). I føremålsparagrafen til jordlova står det at



arealressursane bør disponerast på ein måte som gjev ein tenleg, variert bruksstruktur ut frå samfunnsutviklinga i området og med hovudvekt på omsynet til busettjing, arbeid og driftsmessige gode løysingar. Utgangspunktet er at dyrka jord ikkje må brukast til føremål som ikkje tek sikte på jordbruksproduksjon. Samtidig må landbruksareal som ligg tett på utbyggingsområde, og særskilt dei som ligg heilt i eller i utkanten av sentrumskjernen, sjåast på i ein heilskapleg samanheng, og må vurderast mot ulike utbyggings- og fortettingsbehov.

I drøftinga om å omdisponera landbruksareal i sentrumsområdet er det viktig å sjå på behovet for nye utbyggingsområde, og kva betyding landbruksareala har i ein større samanheng (saman med omlandet). Landbruksdrift kan utløysa konflikhtar med den arealbruken som ligg i direkte nærleik. Vond lukt og køying med landbruksmaskinar kan vera til sjenanse for busette i og besøkjande til sentrumsområdet, og aktiviteten tek i tillegg opp mykje landareal. Samtidig kan landbruksareal i sentrumsnære område bidra til grønstruktur, ope landskap, artsmangfald og nærmatproduksjon. Ein kombinasjon av desse interessene kan vera løysinga, gjennom å leggja til rette for at dei mest sentrumsnære areala blir teke i bruk til utbygging og at dei gode landbruksareala rett i utkanten av sentrumskjernen kan bli verande. Dette er mogleg så lenge det er landareal tilgjengeleg for framtidig utbygging andre plassar. I sentrumsplanen er no dei mest sentrale areala omdisponerte til utbyggingsføremål for å sikra berekraftig og god samordna areal- og transportplanlegging. Dei landbruksareala som ligg i utkanten (ved Åse i nordvest og Solstad i søraust) og som er ein del av eit større samanhengande landbruksområde blir liggjande som LNF-område. Det same gjeld for det meir sentrale landbruksarealet vest for Løkjavegen, då det er i god drift og grunneigar har eit ønskje om å halda på det som landbruksareal.

For å sikra vernet om dei viktige landbruksareala i sentrumsområdet er det sett av ei omsynssone landbruk på Åse, nord for omsorgssenteret. Arealet er eigna for vidare drift og er ein del av to aktive gardsbruk i området, som samla utgjør eit heilskapleg landbruksområde.



Figur 5-10 Åse, med Fjellstad i bakgrunnen. Fulldyrka mark er sett av til landbruk og er merka med omsynssone i plankartet. Areal i forgrunnen ligg på anna fastmark og er sett av til bustadføremål

5.7 Barn og unge sine interesser

Kapasiteten ved barnehagane i kommunen er generelt god, men for sentrumsområdet kan det i framtida bli eit behov for fleire barnehageplassar. Det er venta ei senking av talet 0-5-åringar fram til 2025. Etter det vil talet stiga, men ikkje vera over dagens nivå før rundt 2030 (dersom det blir høg folketalsvekst i kommunen). Blir det middels til låg vekst i krinsen vil talet liggja under dagens, og såleis vil det vera kapasitet i barnehagane i relativt lang tid framover. Dersom det vil bli eit behov for ny barnehage legg sentrumsplanen opp til fleire alternativ til plassering, vist som



offentleg/privat tenesteyting i plankartet. I tillegg er det vist eit nytt areal for barnehage i reguleringsplanen for Sveiåsen III.

Fram til 2050 er det venta ei moderat vekst i talet barn i skulefør alder. Etter at Sveio skule blei renoverert og utvida er no kapasiteten særst god, og det er plass til 600 elevar. I august 2021 var det 367 elevar på skulen.

I 2017 blei det gjennomført barnetråkkregistrering i heile kommunen. Heile ungdomstrinnet på Sveio skule og 5. klasse frå alle dei fem barneskulane blei inviterte til å delta. Totalt kom det svar frå 94 elevar frå barneskulen og 133 elevar frå ungdomsskulen. I analysen av registreringane var målet å finna nokre fellestrekk i svarea frå elevane, som kunne identifisera gode friluftsområde, skulevegar, farlege vegar, snarvegar og ikkje minst få kartlagt kor barn og unge oppheld seg på fritida. Registreringane har vore føremål for vurdering i samband med utarbeiding av plankartet. Rapporten frå registreringa viser at mange har eit forhold til Sveio sentrum, sjølv om ein bur spreidd i kommunen. Alle skuleelevane vil på eit tidspunkt gå på ungdomsskulen der, og det påverkar nok deira synspunkt og bruk av sentrum både no og i framtida.



I tillegg til gjennomføring av barnetråkkregistrering i skulen har kommunen gjennomført liknande undersøking på dei tre barnehagane som ligg i eller i nærleiken til sentrum. Nokre skuleklassar på Sveio skule har i tillegg kome med eigne innspel til planarbeidet og ungdomsrådet har delteke på arbeidsmøte og kome med innspel til planen. Dette arbeidet har vore viktig kunnskapsgrunnlag for korleis kommunedelplanen har lagt til rette for utarbeiding av tur- og gangvegar i Sveio sentrum.

I planprosessen har ein av dei viktigaste oppgåvene med å sikra barn og unge sine interesser i planlegginga vore å sikra at alle barn og unge skal ha trygg skuleveg og ha moglegheit til trafiksikker tilkomst til venner i sentrumsområdet og til ulike fritidsaktivitetar.

5.8 Universell utforming

Føresegnene til sentrumsplanen har eit eget kapittel om universell utforming (§ 2.3.12) som legg opp til at all planlegging, byggjesakshandsaming og utføring av tiltak skal skje med utgangspunkt i prinsippa om universell utforming for å sikra god og trygg tilgjenge for alle brukargrupper. Nye bygg og anlegg retta mot publikum (administrasjonsbygg, kontorbygg, kulturbygg, service, varehandel mv.) skal vera universelt utforma. Forventingane til universell utforming gjeld òg utandørsareal som trafikk, parkering, gang- og opphaldsareal.

5.9 Folkehelse og livsmeistring

Folkehelsearbeidet skal vera tverrsektorielt, effektivt, systematisk og langsiktig, der mange aktørar er involverte. Sveio kommune skal arbeida for å skapa gode oppvekst- og levekår i eit samfunn som legg til rette for sunne levevanar, fellesskap, likeverd, sjølvstende, tryggleik, berekraft og deltaking. Arbeidet må omfatta alle aldersgrupper og livssituasjonar. Det



folkehelsefremjande kommuneplanarbeidet må skje med fokus på arealbruk, samferdsle og transport, utvikling av livskraftige og helsefremjande lokalsamfunn og universell utforming.

Bustadbygging i sentrumskjernen gjev god tilgang til kvardagsfunksjonar, handel og tenester, og aukar moglegheitene for sosialisering og integrering. Auka busetnad sentralt gjev betre grunnlag for etablering av meir handel og service, som i sin tur gjev fleire arbeidsplassar lokalt og gode moglegheiter for å kunna gå og sykla for å utføra kvardagsfunksjonar. Auka tilbod og meir folk i sentrum vil i tillegg skapa meir aktivitet og liv, og bidra til betre folkehelse.

Ved bygging av bustader er det viktig å stilla vilkår om at busetnadene og uteareala får høg kvalitet, uavhengig av kor eller for kven dei blir bygde for. Alle skal ha like moglegheit for å bu godt og ha gode bumiljø.

I tillegg til å sikra gode buområde er det viktig å skapa naturlege møteplassar i sentrumsområdet og i alle bustadfelt. Dei skal vera tilpassa alle aldrar og behov, og uteområda må vera universelt utforma og tilrettelagde for å sikra sosialisering og integrering.

Fortetting og utbygging kan medføra at grønstruktur og naturlege nærtuområde går tapte. Sveio sentrum har gode grøntareal i mellom anna Salamanderparken, på golfbanen og i utkanten av alle byggjefelta, som eignar seg særst godt til både friluftsliv og rekreasjon. Dei areala er viktige å sikra mot framtidig utbygging. Dei viktigaste areala er sikra med omsynssone grønstruktur (H550) i planen. Føresegnene § 2.6 sikrar at grønstruktur blir ivareteke i plan. Det går fram at i naturområda (GN) er det ikkje tillate med tiltak som kan påverke artar, samt deira arealbehov og habitat negativt. Det kan utarbeidast tur-/gangvegar samt mindre anlegg i friområda som fremjar bruken av området mot friluftsliv, rekreasjon og fysisk aktivitet utan reguleringsplan. Det må derimot godkjennast ein situasjonsplan av kommunen i samband med søknad om tiltak.

5.10 Klima, miljø og energi

Sentrumsplanen er ein arealplan og klima-, miljø- og energifokuset i planen har difor handla om kva tiltak ein kan gjera gjennom arealplanlegginga for å sikra desse interessa. Eit viktig tema er å leggja til rette for reduksjon av klimagassutsleppa, og å sikra klimatilpassing med hjelp av god forvaltning av areala. Planen fokuserer ikkje konkret på dei ulike tema, eller har nokon handlingsplan for klimagassreduksjon då det må vera ein del av ein meir omfattande klima-, miljø- og energiplan for Sveio. Klimatiltak som gjeld kommunen sitt ansvar for å sikra mellom anna klimavenlege innkjøpsavtalar og omlegging til miljøvenleg bilpark og energibruk må avklarast på andre område.

Hovudfokus i denne planen har vore å leggja til rette for mindre bilbruk gjennom auka gange og sykkelbruk i sentrumsområdet. Det kan skje gjennom å leggja utbyggingsområda i avstand som gjer at det ikkje er naudsynt med bil til kvardagsfunksjonane, og å sikra at utbygginga skjer forsvarleg i forhold til klimaendringane (overvasshandtering, unngå faresoner og unngå nedbygging av vegetasjonsbelte langs elvar mv.).

Klimaendringane og klimatilpassing


Klimaendringar kan på globalt nivå bidra til store uheldige konsekvensar i form av mellom anna heitebølger, tørke, flaum, havnivåstigning og skogbrannar, som alle i sin tur kan bidra til mellom anna naturbaserte hendingar som ras og skred, store helseplager og underernæring på grunn av mindre matproduksjon og sjukdommar som smittar via vatn, mat og insekt. I tillegg vil



endringane kunna få store konsekvensar for naturmangfald og naturmiljøet med tilhøyrande flytting og moglegvis utrydding av artar. I Noreg vil klimaendringane i første hand kunna føra til høgare temperatur, meir intensiv nedbør, fleire regnflaumar og meir skred. Varmare temperaturar vil føra til issmelting og varmare (og difor surare) havvatn.

Klimaendringane er, på lik line som andre negative faktorar i form av forureining, framande artar og omdisponering av landområde, òg ein stor trussel for naturmangfaldet. Det er difor viktig å sjå klimaendringane og naturmangfald i ein samanheng. Tema som klima og miljø må vera ein premiss for samfunnsutviklinga.

Klimagassutsleppa i Sveio kommune blir i hovudsak tilskriven vegtrafikken, sjøfarten og jordbruket, og dei har i perioden 2009-2021 vore relativt konstante, men med ein liten nedgang.



Figur 5-11 Sveio kommune sine klimagassutslepp fordelt på utsleppskjelder. Kjelde: Miljødirektoratet

Kommunen kan gjennom arealplanlegginga særskilt bidra på to område for å minska klimagassutsleppa, gjennom å unngå at det kjem meir klimagassar og gjennom å forvalta areala slik at dei gode areala for opptak og lagring av klimagassar ikkje blir bygd ned.

Med unntak for intern vegtrafikk er utslepp frå den gjennomgåande vegtrafikken på E39, den forbipasserande sjøfarten, og matproduksjonen og bruken av gjødsel i jordbruket vanskelege å styra gjennom den kommunale arealplanlegginga. Slike forhold treng som regel å bli påverka frå overordna nasjonalt nivå gjennom ulike verkemidlar.

Kommunen kan styra arealbruken slik at det blir mindre behov for vegtransportar, men tiltaka hjelper i hovudsak berre på lokalt nivå. Auka fortetting og kortare avstandar vil auka moglegheita for å gå eller sykla til dei ulike funksjonane i sentrumsområdet. Auka fortetting (=større befolkningsgrunnlag) kan òg bidra til større folketal som gjev grunnlag for meir satsing på kollektivtrafikktilbodet, som i sin tur òg kan bidra til minska personbilbruk i samband med pendling til arbeidsplassane.

Klimagassane blir òg sleppt ut i samband med nedbygging av areal som naturleg lagrar gassane. Ein kan såleis unngå utslepp av klimagassar dersom ein ikkje røyler areala som tar opp og lagrar dei. Det er skogsareala som totalt har det desidert største klimagassopptaket i kommunen. Nedbygging av skogsareal vil innebera at områda ikkje har meir opptak av



klimagassar frå vegetasjonen, og samtidig inneber det at dei klimagassane som er lagra i røter og vegetasjon blir frigjorde i samband med graving i marka. Anna utmark, vatn og myr og i blant til og med utbygde areal tek opp mindre mengder klimagassar.

Den arealbruken som slepper ut mest klimagassar er dyrka mark og gjødsla beite. I den samanheng vil det nasjonale målet om å verna om landbruksareala, samtidig vera i konflikt med arbeidet mot utslepp av klimagassane.

Meir om klimautfordringane er å finna i vedlegget *Om klimaendringar og klimatilpassing*, som er ein del av konsekvensutgreiinga til denne planen.

5.11 Vatn og avlaup

På generelt grunnlag er det vurdert å vera tilstrekkeleg med drikkevatt i sentrumsområdet for ei framtidig utbygging over lengre tid, utan at det påverkar vasskvaliteten. Dette sikrar høgdebass-enget ved Rossafjellet for. Forevatnet og tilstøytane areal til Forevatnet blei klausulert i 1971-1972 med føremål drikkevatt. Frå om lag 1972 til 2010 har Forevatnet produsert og levert drikkevatt til innbyggjarar i søre del av Sveio kommune. I 2010 blei Haugesund vassverk tilkoppa Sveio vassverk ved kommunegrensa og ein 10 års avtale blei underteikna. Produksjonen ved Forevatnet blei då avslutta, men klausuleringane er halden i hevd då det på sikt kunne vera aktuelt å igjen ta i bruk Forevatnet som drikkevasskjelde. På grunn av nye krav i drikkevassforskrifta som gjeld reservevassforsyning har Sveio kommune vedteke å starta opp igjen produksjon og distribuering ved Forevatnet, då dette er den mest føremålstenlege måten å tilfredsstilla krava i drikkevassforsyning som gjeld reservevatn i kommunen.

Enkelte nye utbyggingsområde vil ha behov for oppgradert og dimensjonert leidningsnett, og andre kan ha behov for pumpestasjonar eller sjølvfallsleidningar. Avklaring om framtidig behov må sikrast gjennom rekkjefølgjekrav i reguleringsplanprosessar og i samband med handsaming av enkeltvedtak.

Avlaup går i leidningar frå sentrumsområdet, nord for Fjellstad og til Eltravåg. Det er tilfredsstillande løysingar for handtering av avlaupsvatt i stort sett heile sentrum, men ved utbygging vest for kommunehuset vil det bli behov for oppgradering av anlegget. I samband med utbygging av fortau og busslommer i sentrumskjerna blei det i 2020 lagt ned leidningar langs Sveiogata frå Åsvegen i aust til kyrkja i vest. Vidareføring av desse mot vest vil gje betre løysingar for handtering av avlaupsvatt ut av sentrum

I samband med framtidige reguleringsplanarbeid skal det i planomtale, plankart og føresegner visast i rammeplan for VA korleis vassforsyning, avløp og overvasshandtering skal løysast. Sveio kommune si til ei kvar tid gjeldande vatn og avløpsnorm skal leggjast til grunn. I tillegg skal det alltid VA-plan vera godkjent av kommunen før det blir gjeve løyve til utbygging av bustader.

Eit viktig område å fokusera på ved alle tiltak er overvasshandtering. Overvatn skal som prinsipp handterast på eigen grunn og ikkje skapa uheldige konsekvensar for naboeigedomar, vegareal, friområde mv. Føresegnene § 2.3.5 legg klare føringar for dette og det er krav om at det skal sikrast at overvatn blir handtert innanfor kvart enkelt tiltaks- og utbyggingsområde, slik at det ikkje fører til at andre område flaumar over eller at det blir eit vasshandteringsproblem i eller utanfor området.



5.12 Samfunnstryggleik og beredskap

5.12.1 KU og ROS

I samband med gjennomføring av planarbeidet har alle aktuelle innspel blitt konsekvensutgreia. Alle KU-skjema er samanstilte i eit vedlegg. Dei innspela som blir vidareførte i planen har i tillegg blitt vurderte i samband med ein risiko- og sårbarheitsanalyse, ROS-analyse. Utgreiingane frå ROS-analysen ligg i ein eigen rapport. Konklusjonane frå kvar analyse er òg lagt inn i konsekvensutgreiinga for kvart innspel.

5.12.2 Verksamdsrisiko

Enkelte aktivitetar og verksemder kan innebera ein særskild risiko for at farlege situasjonar kan oppstå. Det kan gjelda drivstofflager, kjemikalielager og gasstankar i industribedrifter. For Sveio sentrum er slik aktivitet sær avgrrensa, og difor er det vurdert å vera avgrrensa verksamdsrisiko, som ikkje treng vidare utgreiing.

5.12.3 Naturbaserte hendingar

Områda i og rundt Sveio sentrum er i utgangspunktet vurdert å vera lite påverka av naturbaserte hendingar. Grunngevinga for den vurderinga er basert på erfaring, at sentrumsområdet ligg godt over havnivåstiginga, og det er vurdert å vera liten risiko for sterk vind, skred og ras på grunn av plassering og terreng. I tillegg ligg i stort sett heile sentrumsområdet i noko skrånande terreng, slik at avrenning er mogleg utan å risikera at store område blir flauma over. Området ligg utan store terrengskilnader slik at det er avgrrensa risiko for mellom anna jord og snøskred. Det vil likevel vera like stor risiko for ekstrem nedbør som andre plassar langs Vestlandet. Dette kan føra til at elvar og bekkar flaumar over med erosjon som følgje.

Aktsemdkarta, erfaringar og kart over registrerte hendingar, er vurdert å vera gode indikatorar på at det er relativt liten risiko forbundet til naturbaserte hendingar i og rundt Sveio sentrum. Samtidig er det ikkje nokon garanti for at det ikkje kan koma til å skje endringar som kan bidra til auka førekomst av slike hendingar i planområdet. Følgene av klimaendringane med mellom anna auka ekstremvêr kan bidra til auka risiko for uønskte hendingar. Med det som grunnlag har temaa, omtalte under, vore føremål for vurdering i konsekvensutgreiinga for planen.

Aktsemdsområde er sikra i plankart og føresegner med omsynssone for Ras- og skredfare (H310) og flaumfare (H320). Føresegnene § 2.9.3 sikrar at der det skal etablerast nye tiltak innanfor ei av områda i omsynssone H310 skal det vurderast om det er behov for nærmare geoteknisk vurdering av grunnforhold før det blir gjeve igongsettingsløyve. Det er fleire omsynssone for Ras- og skredfare (H310) langs fv. 47 Tittelsnesvegen, ei ved Frønsdalstunet, to ved Forevatnet, ei på Mannaberg og to på Krossleite. Føresegnene § 2.9.4 gir at dersom reguleringsplanar eller omsøkte tiltak kjem innanfor omsynssonene, eller kan bidra til å skapa nye avrenningsmønster/flaumvegar, skal konsekvensar vurderast og ev. kartleggjast før vedtak av reguleringsplan eller det kan gjevast igongsettingsløyve for tiltak.

5.12.3.1 Grunnforhold


Heile planområdet med unntak for eit avgrrensa areal ved Furevatnet er omfatta av dei same bergartane; skifer og gneis, heterogen, finkornet (kvartsskifer, granatglimmerskifer, kalkspatskifer, amfibolitt, hornblendegneis), ikkje inndelt.



Store delar av sentrumsområdet ligg på fjell, men i dei mest sentrale delane er det morenemateriale. I tillegg ligg delar av sentrum under marin grense mot Vigdarvatnet, og desse areala kan vera føremål for kvikkleirevurdering, sjølv om det ikkje er nokre kjente hendingar med skred og ras i området.

Kvikkleire er ein jordart med sprø eigenskapar. Forstyrning eller overbelastning av slikt materiale kan gje kollaps i form av kvikkleireskred. Føresetnaden for at det skal skje eit kvikkleireskred er at det finst kvikkleire i grunnen og at det er tilstrekkeleg helling i terrenget. Kvikkleire finn ein berre under marin grense, det vil sei den grensa på land der havnivået tidlegare sto etter siste istid. Dersom det er mindre enn to meter ned til fjell er det liten risiko for skred.

Marin leire er å finna innanfor lausmassetypen «Hav- og fjordavsetningar» men ofte ligger det òg marin leire under andre lausmassetypar. Typisk vil elve- og breelvavsetningar kunna liggja på marine leire, men òg myr eller morene. I utbygde område kan det i tillegg liggja fyllmasser over den marine leira. Sjølv om marin leire er sjeldan å finna under tynn og tykk morene, så er ikkje desse areala sjekka ut i sentrumsområdet.



Figur 5-12 Lausmassekart med marin grense (blå stipla line). Lys grøn farge = tynn morene. Mørk grøn farge = tykk morene. Kjelde: NGU lausmassekart.

NVE sitt *Temakart Kvikkleire* viser berre status for alle registrerte faresoner og den marine grensa. Område som ikkje er registrerte er såleis uavklarte. Det er ikkje kartlagd risiko for kvikkleire i Sveio og ut i frå ei overordna vurdering kan ein ikkje utelukka at det kan vera marin leire i grunnen i delar av sentrumsområdet. I den samanheng kan ein bruka den marine grensa som eit generelt aktsemdsområde. Tilgang til informasjon frå geotekniske grunnundersøkingar



er difor viktig for å kunna fastslå kva jordarter det er i grunnen, og kva mekaniske eigenskapar desse har. Det må såleis utførast geotekniske vurderingar, og eventuelt grunnundersøkingar med prøvetaking, for sikker påvising av kvikkleireførekomstar.

Det er ikkje krav til fagkyndig vurdering av kvikkleire på kommuneplannivå, men i reguleringsplanprosessar er det høgare krav. Basert på at det ikkje er gjennomført fagkyndig vurdering i denne planprosessen bør det stillast krav til undersøkingar i samband med reguleringsplanarbeid og utbyggingstiltak i område som ligg under marin grense, særskilt der lausmassetyten tykk morene er registrert. Med det som grunnlag er det lagt inn føringar i føresegnene om at dette må sjekkast ut før det blir godkjent nye tiltak i område som ligg under marin grense. Dette er, som skreve ovanfor, sikra i planen med omsynssone H310 (ras- og skredfare).

Flaum

NVE sitt flaumsonekart viser kva område som blir oversvømt i ein flaumsituasjon og med kva gjentaksintervall. Det er ikkje nokre plassar i Sveio der det er registrert flaumsone i NVE si kartlegging. I tillegg viser NVE sine kart over historiske flaumar gjennom tidene at det ikkje er på vestkysten dei store flaumane skjer. Nærmaste område er i Etne og i Sauda, jf. <https://temakart.nve.no/>.

Sjølv om det ikkje er registrert nokre flaumsone i Sveio er det likevel venta framtidig ekstremvær med auka nedbør og styrtregn som følge. Med det kan flaum bli ein venta konsekvens.


I tillegg til flaumsonekartet har NVE eit aktsemdskart for flaum. Aktsemdskartet er basert på oppdatert terrengdata og landsdekkande datasett (2020), og det viser, på oversiktsnivå, kva område som kan vera potensielt utsett for flaumfare. I aktsemdskartet er det inkludert eit område på minimum 20 m frå kant av elv. Kartet er vurdert å gje tilstrekkeleg dokumentasjon mot flaumfare tilpassa kommuneplannivået, og det er brukt som grunnlag i sentrumsplankartet for å visa omsynssone for område der det er risiko for flaum. I desse områda skal det takast omsyn til risikoen for at areala kan flauma over. I føresegnene til plankartet er flaumtemaet omtalt i samband med mellom anna overvasshandtering, sikring av kantsoner til bekkar og elvar, og vurdering av flaumrisiko. Føresegnene viser til byggtknisk forskrift for å sikra tryggleik mot flaum ved utforming av bygningar og anlegg.



Figur 5-13 Flaumsonekart Kjelde:
<https://temakart.nve.no/tema/flomsone>



Aktsemdskartet for flaum viser område med risiko for auka vasstand. Det er ikkje teke omsyn til mogleg stormflo i elvane sine utlaupsområde til sjø, då dette ikkje vil påverka sentrumsområdet, som ligg så høgt og langt frå sjøen.



Figur 5-14 Aktsemdskart for flaum. Kjelde: <https://temakart.nve.no/tema/flomaktsomhet>

Terreng – brattleik

Terrenget innanfor planområdet er skrånande mot sør, men det er likevel vurdert å vera lite utfordringar i samband med høgdeskilnader og brattleik i sentrumsområdet med grunnjeving at det er avgrensa med store høgdeskilnader og at det er sær s få registreringar i sentrumsområdet som viser hendingar relatert til terreng (skred, steinsprang, snøskred, ras).




Figur 5-15 Brattleikskart for snøskred, som viser hellinga i grader. Kjelde: <https://temakart.nve.no/tema/bratthet>



Figur 5-16 Brattleikskart for jordskred, som viser hellinga i grader. Kjelde: <https://temakart.nve.no/tema/bratthet>

Skredfare

Aktsemdskartet for jord- og flaumskred frå NVE viste i april 2022 ikkje område innanfor planavgrensinga med særleg skredfare, med unntak for nokre mindre som ligg areal vest for Åsevatnet, ved Furevatnet og på Mannaberget.



Figur 5-17 Aktsemdskartet for skred. Kjelde

<https://temakart.nve.no/link/?link=aktsomhet&layer=4&field=fylkesnavn&value=Vestland&buffer=25000>

Av dei registrerte områda for skred i aktsemdskartet er det to område som viser fare for skred. Det er eitt avgrensa område sør for Mannaberget som ligg på fjell, utanfor marin grense. I tillegg er det vist eitt område nord for Furevatnet. Desse områda er vist med omsynssone i plankartet.

Omsynssona for skredfare er omtala i føresegnene under § 2.9.3, der det går fram at der det er potensiell fare for skred skal det gjerast nærmare geoteknisk vurdering av grunnforhold før det blir gjeve igongsettingsløyve.

I og rundt Sveio sentrum er det registrert eit lausmasseskred ved fv. 47 ved Krossleite i 2013 og eit steinsprang på Bjelland i 1872.



Figur 5-18 Registrerte skredhendingar i området rundt Sveio sentrum. Kjelde: <https://temakart.nve.no/tema/SkredHendelser>

Aktsemdskartet for steinsprang er basert på helling på fjellsida, vurdert etter terreng der utløyning av steinsprang er mogleg, og effekten av lokale faktorar er ikkje vurdert, men det inneber ikkje at det ikkje kan skje slike der likevel. I Sveio sentrum er det kartlagde området sør for Mannaberget det einaste som er vurdert å ha potensiale for steinsprang i kartlegginga.



Figur 5-19 Aktsemdskartet for steinsprang viser eit avgrensa område sør for Mannaberget der det kan vera risiko for steinsprang. Kjelde: <https://temakart.nve.no/tema/SteinsprangAktsomhet>

Aktsemdskarta frå NVE er landsdekkande kart som viser område der ein må utvisa aktsemd for dei forholda som er kartlagde. Karta viser område med potensiell risiko, men sei ikkje noko om sannsyn for at ein hending skal skje. Vurderinga av risiko er basert på gjennomført risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS-analyse). ROS-analysen er i sint tur basert på erfaring frå tidlegare hendingar, aktsemdskart, faresonekart, vurdering av grunnforhold, lausmasseskart og marin grense, kor stor risiko det er for at det kjem store snømassar mv. Analysen viser at det vurdert å vera relativt liten risiko for store uønskte hendingar innanfor planområdet. Basert på at delar av sentrumsområdet ligg innanfor marin grense, at det er elvar i planområdet som kan flauma over og framtidig risiko for auka nedbørmengder kan ein likevel ikkje utelukka at det kan skje ras og skred i området. Med det som grunnlag er omsynssonene for flaum og ras lagt inn i plankartet med tilhøyrande føresegner § 2.9.3, for å sikre at desse forholda blir vurderte i samband med framtidige reguleringsplanarbeid og ved handsaming av byggesaker.



5.12.4 Sårbare objekt

Sårbare objekt kan mellom anna vera viktige naturområde, kulturmiljø, bygningar og anlegg, som er sårbare for inngrep, skade og forureining. Her inngår ikkje infrastruktur i klassifiseringa av sårbare objekt. Alle offentlege bygningar kan vera å rekna som sårbare objekt, særskilt i samband med risiko for uønskte hendingar som menneskeskapte, viljestyrte hendingar. Når det gjeld omsynet til sårbare objekt i arealplanlegginga heng det saman med risikoen for at det skjer uønskte hendingar i form av naturgjevne forhold (skred, flaum, vind mv) eller som ei konsekvens av aktivitet i omgjevnadene (sabotasje, brann- eller eksplosjonsrisiko på industritomter mv.). Planen bidreg ikkje til auka risiko for bygningar som kan definerast som sårbare objekt.

5.12.5 Støysone

Støy rammar svært mange menneske i Noreg og det er eit alvorleg folkehelseproblem. I følgje Folkehelseinstituttet går over 10 000 friske leveår tapt kvart år i Noreg grunna sømnforstyrringar som skuldast vegtrafikkstøy, ref. FHI 2012.

Statens vegvesen utarbeider støysonekartlegging som viser risikoen for at det er støy langs fylkes- og riksvegar. Støysonekarta er gode indikatorar for kor det kan vera uheldige støyforhold og dei kan takast i bruk i planlegginga for å stilla krav om støyreducerande tiltak. Det er likevel ikkje kartlegginga som bestemmer kva som er akseptabel eller ikkje akseptabel støy ved ny utbygging. Det er i staden stilt krav til lydforhold i byggt teknisk forskrift (TEK 17) § 13-6, der det går fram at «*Lydforhold skal være tilfredsstillende for personer som oppholder seg i byggverk og på uteoppholdsareal avsatt for rekreasjon og lek. (...)*». Føremålet med lydkravet er at personar skal ha moglegheit for arbeid, kvile, rekreasjon, søvn, konsentrasjon, kommunikasjon, god taleforståing, oppfatning av faresignaler og moglegheit for orientering.

I planområdet er det raud og gul sone på og rundt alle fylkesvegane. Sjølv om kartlegginga viser område som kan vera utsett for støy er det likevel enkelte plassar lagt inn utbyggingsføremål i desse sonene. Retningslinene for behandling av støy i arealplanlegginga (T-1442) og Norsk standard om lydforhold i bygningar må følgjast i samband med utbygging og i den samanheng kan det koma krav om avbøtande tiltak der grenseverdiane for støy blir for høge.

Støysonene til vegvesenet er vist i plankartet som omsynssone støy (H210) og (H220), med grunngeving i at desse kan endra seg i planperioden, avhengig av framtidige endringar i trafikkmengd og fartsgrenser, og at støy ikkje berre er vegstøy. Med omsynssone i plankartet er det risiko for at omsynet til støy utanfor omsynssona ikkje blir tilstrekkeleg sikra i vidare regulering eller handsaming av tiltak. Det er difor sikra i rekkefølgjekrava til føresegnene at det skal gjerast naudsynte tiltak for demping av støy, der det er påvist behov for slike tiltak. Det er forskrifta (T-1442) som legg føringane for at krava til støy blir oppfylte. Det er stilt krav i føresegnene om at aktuelle retningslinjer for handsaming av støy i arealplanlegginga skal leggjast til grunn for all planlegging og byggjesakshandsaming i kommunen og at anbefalte støygrenser ikkje skal overskridast. Grenseverdiar for støy etter T-1442 gjeldande ved vedtak av kommunedelplanen er lagt til som vedlegg i føresegnene, samt at dei er lagt til under her i planomtalen. Det står òg at det skal dokumenterast at støygrenser er ivaretekne i anleggsperiodar og at det kan stillast krav om at effekten av støy- og støydempande tiltak blir dokumentert ved målingar. På den måten kan det takast konkret stilling til støyproblematikken i kvar enkelt tilfelle, ikkje med bakgrunn i ein støysonekartlegging som etter kvart kan bli utdatert. Støysonekartlegginga vil



fungera som eit kunnskapsgrunnlag for å ta stilling til om det er risiko for støy i aktuelt tiltaksområde eller ikkje.

Tabell 1: Grenseverdier for soneinndeling ved støykartlegging. Alle grenseverdier gjelder innfallende lydtrykknivå. Forutsetninger for beregning av grenseverdiene er gitt i veilederen.

Støykilde	Støysone					
	Gul sone			Rød sone		
	Utendørs støynivå	Utendørs støynivå, lørdag og søndag/helligdag	Utendørs støynivå i nattperioden kl. 23 – 07	Utendørs støynivå	Utendørs støynivå lørdag og søndag/helligdag	Utendørs støynivå i nattperioden kl. 23 – 07
Veg	$L_{den} > 55$ dB		$L_{SAF} > 70$ dB	$L_{den} > 65$ dB		$L_{SAF} > 85$ dB
Bane	$L_{den} > 58$ dB		$L_{SAF} > 75$ dB	$L_{den} > 68$ dB		$L_{SAF} > 90$ dB
Luftfart	$L_{den} > 52$ dB		$L_{SAS} > 80$ dB	$L_{den} > 62$ dB		$L_{SAS} > 90$ dB
Industri med helkontinuerlig drift	Uten impulslyd: $L_{den} > 55$ dB Med impulslyd: $L_{den} > 50$ dB		$L_{night} > 45$ dB $L_{AFmax} > 60$ dB	Uten impulslyd: $L_{den} > 65$ dB Med impulslyd: $L_{den} > 60$ dB		$L_{night} > 55$ dB $L_{AFmax} > 80$ dB
Øvrig industri	Uten impulslyd: $L_{den} > 55$ dB og $L_{evening} > 50$ dB Med impulslyd: $L_{den} > 50$ dB og $L_{evening} > 45$ dB	Uten impulslyd: lørdag: $L_{den} > 50$ dB søndag: $L_{den} > 45$ dB Med impulslyd: lørdag: $L_{den} > 45$ dB søndag: $L_{den} > 40$ dB	$L_{night} > 45$ dB $L_{AFmax} > 60$ dB	Uten impulslyd: $L_{den} > 65$ dB og $L_{evening} > 60$ dB Med impulslyd: $L_{den} > 60$ dB og $L_{evening} > 55$ dB	Uten impulslyd: lørdag: $L_{den} > 60$ dB søndag: $L_{den} > 55$ dB Med impulslyd: lørdag: $L_{den} > 55$ dB søndag: $L_{den} > 50$ dB	$L_{night} > 55$ dB $L_{AFmax} > 80$ dB
Havner og terminaler	Uten impulslyd: $L_{den} > 55$ dB Med impulslyd: $L_{den} > 50$ dB		$L_{night} > 45$ dB $L_{AFmax} > 60$ dB	Uten impulslyd: $L_{den} > 65$ dB Med impulslyd: $L_{den} > 60$ dB		$L_{night} > 55$ dB $L_{AFmax} > 80$ dB
Motorsport	$L_{den} > 45$ dB $L_{SAF} > 60$ dB		Aktivitet bør ikke foregå	$L_{den} > 55$ dB $L_{SAF} > 70$ dB		Aktivitet bør ikke foregå
Skytebaner	$L_{den} > 35$ dB $L_{AFmax} > 65$ dB		Aktivitet bør ikke foregå	$L_{den} > 45$ dB $L_{AFmax} > 75$ dB		Aktivitet bør ikke foregå
Vindturbiner	$L_{den} > 45$ dB			$L_{den} > 55$ dB		


Det til ein kvar tid oppdaterte støysonekartet til Statens vegvesen vil fungera som grunnlag for sakshandsaminga.

5.13 Attraktive bumiljø og bustadføremålet

Bygningar og anlegg pbl § 11-7, pkt. 1

Den kommunale planstrategien viser at kommunen skal stimulera til bustadutbygging med fokus om prinsippa om samordna arealplanlegging og sikra gode bumiljø med tilgang til daglege funksjonar. Målet er at Sveio kommune skal vera ein god kommune for alle, og med det kjem mellom anna eit kommunalt ansvar for å sikra at menneske bur i gode bumiljø som fremjar god folkehelse. Slike område blir kjenneteikna av tryggleik, god kvalitet, funksjon, estetikk, universell utforming, gode uteopphaldsareal og varierte bustadformer. Alle skal bu trygt og godt, uavhengig av alder, inntekt eller livssituasjon. For å nå det må det vera tilgang til bustader og bustadtomter som dekkjer alle behov og ønskjer og sikrar tilgjenge til bustadmarknaden for alle. I den samanheng er det viktig at alle bustader er av god kvalitet, har trygg skuleveg, og har tilgang til fritidsaktivitetar, handelstilbod og møteplassar.


Busetnaden i Sveio sentrum består i hovudsak av einebustader. I tillegg er det nokre plassar bygd fleirmannsbustader, og det er totalt registrert 25 leilegheiter i tettstaden.



Figur 5-20 Oversikt over fordelinga av bustadtypar. Kjelde Stadanalysen for Sveio sentrum

Gjennom kommunedelplanen sine føresegner ligg det forventingar til framtidig utbygging som skal sikra at bumiljøa blir både trygge og attraktive.

Sveio skal vera ein god kommune å bu og leva i. Ved inngangen til 2010 passerte folketallet 5 000 innbyggjarar. Ved inngangen til fjerde kvartal i 2022 hadde Sveio 5 732 innbyggjarar. Det er ei auke på om lag 15 % på 12 år. Folketalprognosane for Sveio viser at det framleis kan ventast auke i folketallet fram til 2050 tilsvarande om lag 15 %.



Figur 5-22 Regionale folketalsframskrivingar utarbeidd av SSB for perioden 2020-2050. Kjelde: <https://ssb1.maps.arcgis.com/apps/MapSeries/index.html?appid=8fecedde1c2a40aa99cc5f0a3bc7fb13>



Figur 5-21 Oversikt over kor innbyggjarane bur i Sveio kommune. Kjelde: <https://kart.ssb.no>

Dette inneber om lag 870 nye innbyggjarar i kommunen på 30 år. Sjølv om utbyggingstakten og folketalsveksten har stagnert noko dei siste åra, så er det ikkje urimeleg å venta seg at Sveio skal ha tilsvarende folketalsauke dei neste 30 åra samla, som det har vore dei siste 12 åra.

Vi veit at om lag 80 % av befolkninga i Noreg vel i dag å busetja seg i tettstader. SSB viser at dette ikkje er tilfelle i Sveio, der det er 33 % som bur i ein tettstad. Dette sjølv om det no er tre tettstader i kommunen (Sveio, Førde og Rophus) og to grendesenter (Valevåg og Auklandshamn) som har relativt konsentrert utbygging i kvar senterstruktur. Etter å ha vore ute av statistikken som tettstad i nokre år ble Førde på ny registrert som tettstad hjå SSB i 2021.

Rundt desse meir konsentrerte områda ligg spreidde bustader. Kommunen kan venta seg at det er der, i og rundt tettstadene og grendesentera som det meste av den framtidige utbygginga av heilårsbustader vil koma.

Sett i samanheng med prinsippa i dei nasjonale føringane for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging bør den største veksten av nye bustader skje i eller i direkte nærleik til kommunesenteret/etablerte tettstader for å styrke tilbodet til innbyggjarane. Dei nasjonale retningslinene har til hensikt å sikra at planlegginga skal sjåast i ein heilskap, slik at utbygginga og transportnettet blir vurdert under eitt, i ein samfunnsøkonomisk, trygg og berekraftig



samanheng, samtidig som det skal fremja helse, miljø og livskvalitet. Det handlar om berekraft og klimatilpassing og god utnytting av areala.

I tillegg til å oppfylla dei nasjonale forventingane til samordna planlegging så er det i eit lokalt samanheng føremålstenleg å leggja vekt på å skapa eit godt grunnlag for vidare utvikling av Sveio sentrum gjennom å leggja til rette for fleire bustader. I eit folkehelseperspektiv, av omsyn til sosialisering og integrering og for å leggja til rette for eit enno betre befolkningsgrunnlag for nyetableringar, som i sin tur gjev auka tilbod til innbyggjarane, kan Sveio sentrum veksa og gje eit betre tilbod til innbyggjarane i heile kommunen.

Regional plan for areal og transport på Haugalandet viser at lokalisering av nye bustader har stor betydning for å mellom anna styrkja små og store senter, skapa korte avstandar, nærleik og møteplassar, og gje moglegheit for å gå eller sykla. Planen har eit prinsipp om at bustadbygginga bør skje «innanfrå og utover». Det gjev meir kompakte utbyggingsområde, gjev kortare avstandar, auka bruk av gange og sykkel og betre utnytting av bustadareala og infrastrukturen. Samtidig står det i kap 4.3.1 i den regionale planen at «I spredtbygde områder med lav befolkningsvekst kan det åpnes for et mer differensiert bosettingsmønster. Den detaljerte prioriteringen og rekkefølge i utbyggingen defineres gjennom kommuneplanleggingen.»

Den største gevinsten med slik planlegging med fokus på innanfrå-ut-perspektiv er å finna i byane. Jo større by, jo betre resultat av den samordna arealplanlegginga. I ein mindre tettstad eller bygd som har stor handelslekkasje, stor arbeidspending ut av kommunen, eit nesten ikkje-eksisterande kollektivtransportnett og avgrensa med handels- og servicetilbod er det vanskeleg å fullt ut oppfylla forventingane til slik samordna planlegging som styrer kor det blir bygd og kva tid det skal skje. Den største utfordringa er ikkje utbygginga i seg sjølv og risikoen for at det blir bygd for mange bustader, då kommunen har eit så pass lågt innbyggjartal og utbygginga er avgrensa til mellom 10 og 100 (på eit godt år) nye bustadeiningar per år, fordelt på heile kommunen.

Utfordringa er at for ein kommune som Sveio, som ligg så nærme to regionsentera (Haugesund og Leirvik på Stord) er all ny utbyggingsaktivitet i sentrumsområdet viktig for å sikra fortsett gode levekår for kommunesenteret. Handelslekkasjen har lenge vore høg i Sveio (om lag 65 %) fordi det er relativt kort veg til dei to regionsentera, mange jobbar der og fordi tilbodet på varer og tenester er større der. Det, saman med eit relativt lågt befolkningsgrunnlag, har ført til at det er eit relativt sparsamt tilbod av handels- og servicefunksjonar i Sveio sentrum. For at kommunen skal sikra innbyggjarane eit grunntilbod av tenester i kommunesenteret er det avhengig av at det er nokon som ønskjer å byggja og nokon som ønskjer å bu der. For å få det til må Sveio gjera nokre grep, som å mellom anna tilby meir attraktive og til dels større tomter, vera meir tilgjengeleg, leggja til rette for gode møteplassar og å sikra trygg trafikk.

Alle er ikkje skapte til å bu tett i byar. For god psykisk helse og livskvalitet er det for mange eit ønske om å ha tilstrekkeleg med plass rundt seg, dyrke egne grønnsaker i hagen eller å ha moglegheit til å gå rett ut i naturen frå sin bustad. For å sikra fortsett vekst i Sveio og at kommunesenteret får den utvikling og det tilbod som er naudsynt for å kunna tena innbyggjarane, så er det viktig å vera tilstrekkeleg attraktiv og kanskje tilby noko som ikkje er å få andre plassar.



I Sveio tek det ofte mange år før byggjefelta blir ferdig utbygde, og i blant blir kanskje dei minst attraktive tomtene ståande ubygde for godt. Dei blir som regel verande som grønne lungar mellom byggjeområda når ingen vil byggja på dei. Det særst avgrensa talet på nye bustader som blir bygde i kommunen og i sentrumsområdet gjer det vanskeleg å følgja opp føringane i den regionale planen om utbyggingsrekkefølge/faseutbygging. Av erfaring veit kommunen at det i staden vil vera risiko for at utbygginga stagnerer eller stoppar heilt opp dersom slike krav skal følgjast opp.

For å sikra ein fortsett god framtidig utbygging av Sveio sentrum er det difor viktig å sikra at det fortsett er mogleg å byggja enkeltvise bustader i takt med etterspurnad i marknaden, slik at sentrumsområdet fortsett kan veks. For å sikra at det skjer på ein god måte har den viktigaste oppgåva i sentrumsplanlegginga vore å sjekka ut dei områda som eignar seg best til bustadbygging, og som samtidig ikkje kjem i konflikt med andre interesser. Dei areala som er no viste i plankartet som utbyggingsområde vil dekkja behovet for bustadareal for ei særst lang tid framover, under føresetnad at det ikkje skjer endringar som krev nye tiltak og vurderingar. Med denne planlegginga som grunnlag vil det vera føreseieleg kor det kan koma nye bustader i framtida, utan at det kjem i konflikt med andre interesser i sentrumsområdet, uavhengig i kva rekkefølge dei blir førte opp.

Det er drøfta forslag om ny tilførselsveg frå Tjernagelvegen fv. 541 til Sveio sentrum, frå Tjernagelvegen ved Åse nord i planområdet til Åsvegen. Dette tiltaket er føreslått for å kopla sentrum endå meir saman ved å bidra til kortare avstandar til omkringliggjande område. Denne tilførselsvegen vil bli vurdert i eigen reguleringsplan.

5.14 Sentrumsutvikling og senterstruktur

Sveio har ein av dei største handelslekkasjane for detaljhandel i heile regionen. Dekningsgraden var ved siste teljing i 2018 på 34,3 % noko som gjev om lag 65 % handelslekkasje. Åra før det var lekkasjen på rundt 70 %. Så stor lekkasje kjem av at det er stor arbeidspending ut av kommunen og at det ligg fleire daglegvarebutikkar, spesialvarebutikkar og kjøpesentera lett tilgjengeleg i både Haugesund og på Stord. Vidare er det ikkje eit tilstrekkeleg stort befolkningsgrunnlag for etablering av mellom anna klesforretningar, elvarehandel, møblerforretning mv.

Areal som er sett av til blanda føremål for sentrumsfunksjonar er vidareført frå tidlegare sentrumsplan. Det er gjort ei mindre utviding, tilsvarende 3 daa aust for Sveio senter som ligg sør for Sveiogata. Arealet var tidlegare registrert med bustadføremål og offentleg tenesteyting og er no vist med blanda føremål for sentrumsfunksjonar. Endringa vil i realiteten ha liten betydning då både offentlege tenester og bustadføremålet i tillegg til handel- og servicefunksjonar kan etablerast innanfor sentrumsføremålet. Føresegnene § 2.4.3 sikrar at desse areala skal nyttast til forretning, kontor, tenesteyting og bustadar, med tilhøyrande funksjonar. Maksimal tillaten byggjehøgde for sentrumsføremål er tre etasjar pluss underetasje/kjellar på maks 15 meter. I føresegnene blir det sikra at det skal etablerast naudsynte trafikksikre og eina areal for varelevering, samt oppstillingsplass for bil og sykkel.



Utvidinga ligg innanfor det som er definert som sentrumskjernen og ligg i direkte tilknytning til eksisterande handels- og servicefunksjonar. Dette er i samsvar med både regional plan for attraktive senter og regional plan for areal og transport på Haugalandet.

Rundt kyrkja i sentrum er det god og open plass som gjev god oversikt over sentrumsområdet.

5.14.1 Miljøgate og uteopphaldsareal

Det vil vera behov for å setja ein standard for korleis utviklinga av sentrumskjerna skal skje, både kva gjeld innhald og utforming. Dette kan gjerast i ein miljøgateplan, som legg føringar for korleis både mjuke trafikantar og framkomst for bilar og bussar kan sikrast.



Figur 5-23 Rundt Sveio kyrkje er det god og romsleg plass som kan takast i bruk for å etablera gode møteplassar

5.15 Kultur- og idrettstilbod

I Sveio sentrum er mange lag og organisasjonar som samlast med felles tilbod for heile kommunen. Det sentrale idrettsanlegget er viktig for sportslege aktivitetar og leik. I tillegg ligg biblioteket i skuleanlegget, der det er gode uteopphaldsareal og plass for leik. Alt er samla innan kort avstand, og berre med ein kort spasertur til butikkane, matserveringar og kommunehuset.

5.15.1 Idrettsanlegg

Det er utarbeida to reguleringsplanar for eit badeanlegg i sentrumsområdet. Den eine planen ligg vest for kommunehuset, og den andre, som er sist utarbeidd, ligg ved skulen og sentralidrettsanlegget. Reguleringsplanen for badeanlegg vest for kommunehuset (planid 2019001) skal endra føremål til barnehagebruk, etter vedtak i kommunestyret sak 1/22. I tillegg til badeanlegg er området aust for skulen lagt inn i planen med blanda føremål for offentleg tenesteyting og idrettsanlegg. Det same gjeld for grusbanen sør for omsorgssenteret som i realiteten ikkje er i bruk til idrettsaktivitet. Dette arealet er òg vist med blanda føremål for offentleg tenesteyting og idrettsanlegg i plankartet. Det er vurdert å vera eit behov for meir areal til idrett og fritidsaktivitetar og det er fortsett areal att ved eksisterande idrettsanlegg. Det er berre golf-banen som har arealføremål idrettsanlegg i plankartet, med tilhøyrande føresegner som sikrar at areala for utviding av golfparken skal innarbeidast i ein detaljplan.

5.16 Offentleg eller privat tenesteyting

Det er sett av meir areal til offentleg eller privat tenesteyting. Slike areal er viktige for å sikra moglegheita for å leggja til rette for mellom anna utvida kommunale tenester, som skule og barnehage, helsetenester og kulturhus. I tillegg er det opna for privat tenesteyting som opnar for fleire private tenestefunksjonar, som ved Albatross ved golfbanen.

Det er òg lagt inn blanda føremål der arealføremålet offentleg eller privat tenesteyting inngår. Det er anten blanda med bustadføremålet/sentrumsfunksjonar eller idrettsføremålet.



5.17 Næringsliv

Planprogrammet stiller spørsmål om kva slags næringsformar som skal tillatast i definerte næringsområde i sentrumsplanen, og det er vurdert i planprosessen om det er behov for meir areal i framtida. Dette må særskilt sjåast i samheng med ev. framtidig temapark i nærleiken. Konklusjonen er at så lenge det ikkje er starta på utbygging av Vikingland så er det vurdert å vera tilstrekkeleg med næringsareal innanfor planområdet til eventuelle behov i næraste framtid. Det er difor ikkje opna for meir areal i planen (ikkje medrekna sentrumsfunksjonar der handel- og servicenæringa inngår). Noko areal er i staden minska, ved Leitevegen der det skal koma utviding av golfbanen med 9-holsbane.

I næringsområde er det ikkje opna for detaljhandel som er i strid med regional plan for attraktive senter eller med regional plan for areal og transport på Haugalandet. Handel skal etablerast i område for sentrumsfunksjonar i sentrumskjernen. Føresegnene § 2.4.5 sikrar at maksimal tillaten byggjehøgde for sentrumsføremål er tre etasjar pluss underetasje/kjellar på maks 15 meter. Det går fram i føresegnene at det kan vurderast auka byggjehøgde med éin etasje dersom det blir teke særskilt omsyn til bygningskroppen og eit relevant influensområde.

5.18 Samferdsle, trafikktryggleik og kommunikasjon

5.18.1 Fylkesvegar

I planområdet er det tre strekningar med fylkesvegar

- Fv. 47 Hovudstamvegen frå Haugesund til E 39 (Haukåskrysset), som går sør for sentrumskjernen
- Fv. 541 Tjernagelvegen, til Buavåg og ferjekaien
- Fv. 541 Sveiogata, arm av Fv.541

Fv. 541 Tjernagelvegen (tidlegare Fv. 6) går frå krysset ved Fv. 47 til Buamyrr. Den nordre delen av strekninga er allereie regulert og utbetra. Det står att å ferdigstillare reguleringsplanen for resterande del av vegstrekninga og få den utbetra, frå Grimstveit til krysset ved Fv. 47. Full utbetring av vegen vil bidra til betre trafikktryggleik og sikrare framkomst for køyretøy, særskilt tung trafikk.

Det har vore gjennomført fleire tiltak for å betra trafikktryggleiken i planområdet. Mellom anna er det etablert oppheva fotgjengarovergang med ekstra lyssetting ved den gamle gravplassen sør for Fjellstad, som gjer at mjuke trafikantar frå Krossleite og Fjellstad kjem tryggare over Fv. 541, Tjernagelvegen. Fartsgrensa har blitt senka frå 60-sone til 50-sone.


Fv 541, Sveiogata går igjennom sentrumskjerna. Fram til sentrumskjerna er det 50-sone på strekninga. I sentrumskjernen er fartsgrensa sett til 40 km/t. Der er det fleire fartshumpar, og strekninga er belyst og har gode siktforhold, i tillegg til at køyrebanen har god standard. Det er markert fotgjengarovergang utanfor skulen og mellom butikkane.

Delar av Sveiogata blei for ein del år sida utvida vest for kyrkja slik at bilar lettare kan passera kvarandre. Gata er tilførselsveg til dei fleste byggefelta i sentrum. I dag gjeld høgreregelen for Sveiogata. Høgreregelen blir ofte ikkje overhalde, og difor kan Sveiogata med fordel endrast til

forkøyrsvveg for å sikra god trafikkavvikling og trafikktryggleik. Vegen saknar fortau eller gang- og sykkelveg på nordsida vest for kyrkja. Det gjer det utfordrande for mjuke trafikantar som kjem frå nord å koma over vegen, særskilt der det ikkje er tilstrekkeleg god sikt eller opning i autovernet på andre sida. Det er elles godt tilrettelagt for mjuke trafikantar på sørsida, med gang- og sykkelveg. Det er i planen lagt inn fortau/gang- og sykkelveg der det ikkje er vist slik frå før.

Fv. 47 er hovudferdsleåra mellom E39 og Haugesund. På strekninga forbi sentrum er det to tilkomstveggar inn til Sveiogata og sentrumskjernen.

ÅDT (Årsdøgnetrafikk) for Fv. 47 er på 4 900 forbi sentrumsområdet. Av dette er 9 % lange køyretøy.



Figur 5-24 Trafikkmengde (ÅDT) på fylkesvegane (2020). Kjelde: Statens vegvesen sitt vegkart

Til samanlikning er trafikkmengda som kjem sør ifrå på E39 lågare, enn den som kjem via Fv. 47 frå Haugesundsområdet. ÅDT på E39 opp til Haukåskrysset er på 4 600 køyretøy. Samtidig er delen lange køyretøy høgare (14 %). Naturleg nok blir ÅDT nord for Haukåskrysset høgare (6 200). Dersom det i framtida blir etablert temapark, Vikingland, er det å forvente at trafikkmengda kjem til å auke. Dette er viktig å ta høgde for i framtidig planlegging av trafikktilhøva i området rundt Sveio sentrum og langs fv.47.

Dei to tilkomstvegane inn mot sentrumskjernen har kryssløysingar som ikkje er optimale. Det har difor blitt utarbeidd ein reguleringsplan for det nordaustre krysset mot sentrum (planid 2018003). Planen har til hensikt å leggja til rette for betre trafikkavvikling med kanalisert kryss. Planen er enno ikkje bygd ut. I tillegg blir det utarbeidd reguleringsplan som legg til rette for betre kryssløysing mellom Fv. 541 Tjernagelvegen og Sveiogata i vest, ved den gamle gravplassen.

5.18.2 Kommunale vegar

Løkjavegen, som går frå Sveiogata opp til omsorgssenteret og ut på Tjernagelvegen, er smal og utan fortau eller gang- og sykkelveg. Det gjer at vegen er vurdert som farleg skuleveg i



Trafikksikringsplanen for Sveio. Kryssinga mot Sveiogata ligg i bakke og har dårleg sikt. Plankartet viser moglegheit for å breidda vegen og etablera gang- og sykkelveg eller fortau. Åsvegen og Leitevegen som går til bustadfelta i Sveiåsen og på Håvåsen, og golfbanen har god sikt i kryssa mot Sveiogata og er etablert med fortau langs dei fleste strekningane.

Mannabergvegen vest for kommunehuset er tilstrekkeleg dimensjonert i forhold til eksisterande tal bustader og den relativt avgrensa trafikken i området. Ved framtidig utbygging i området må det vurderast tilrettelegging for mjuke trafikantar, særleg i samband med utbyggingsområda.

Paddevegen har tilstrekkeleg dimensjon for å handtera store og tunge køyretøy fram til avkøyringa til høgdebassenget. Etter det er underlaget ikkje tilstrekkeleg sterkt for tung trafikk under delar av vinterhalvåret. Krysset mot Fv. 541, Tjernagelvegen bør utbetrast dersom fleire bueiningar skal etablerast langs Paddevegen.

5.18.3 Fareklasse og farleg skuleveg

Fareklassane på fylkesvegane i området har blitt nedjusterte over tid, slik at det er færre vegstrekningar som er vurderte som farlege skulevegar. Grunngeving er i hovudsak utbetringar og tilrettelegging for mjuke trafikantar. Det er to vegstrekningar i planområdet som er markerte med farleg skuleveg i gjeldande trafikksikringsplan for Sveio.

- Strekninga på Fv. 47 mellom sør og nordre avkøyring til Sveio sentrum. Der manglar gang- og sykkelveg og vegstrekninga er klassifisert med fareklasse 2. Det inneberer at elevar i 1.-4. klasse som har skuleveg på mellom 2 og 4 km får rett til skuleskyss. Dette gjeld i hovudsak barn og unge som bur på Solstad, som ligg sør for den nordre avkøyringa til sentrum, men det er som regel få eller ingen som brukar denne strekninga som skuleveg då det er særst få bustader i dette området, og såleis få skulebarn der. Delar av strekninga er vist i sentrumsplanen med ny gang- og sykkelveg frå krysset ved Krossleite ned til undergangen sør for Mannaberget. Strekninga er tenkt som del av framtidig rundløype frå sentrum og til badeplassen ved Melkeneset.
- Strekninga langs Løkjavegen frå Sveiogata opp til omsorgssenteret, manglar fortau eller gang- og sykkelveg. Strekninga er klassifisert med fareklasse 1, men denne vegen har tverrliggjande alternative skulevegar med unntak for heilt i nord og heilt i sør. Ingen bur i sør, men dei som kjem frå Åse og Nygård i nord, langs Fv. 541, Tjernagelvegen, må inn i usikra kryss. Planen viser ny gangveg/fortau langs Løkjavegen.

5.18.4 Kollektivtrafikk

Det er avgrensa med kollektivtrafikk i heile kommunen. Sveio sentrum er eit viktig knutepunkt, mest på grunn av at skulebussane går dit og at Kystbussen og dei lokale og regionale bussane går i gjennom sentrum. Den avgrensa lokale kollektivtrafikken i kommunen gjer at dei fleste busette i kommunen har behov for eigen bil.

I planprosessen har kommunen, i dialog med fylkeskommunen, drøfta behovet for å leggja til rette for ein mindre bussterminal eller større busstopp i sentrum. Konklusjonen er at behovet ikkje er der i overskødeleg tid. Venta folketal fram til år 2050 er på under 900 nye innbyggjarar i heile kommunen. Det er truleg ikkje tilstrekkeleg grunnlag for å auka kollektivtrafikken så mykje at det vil vera behov for meir areal til busstopp. Det kan likevel vera aktuelt å vurdere



omplussing av busslommer, som ved krysset Sveiogata/Leitevegen. Sentrumsplanen sine føresegner opnar for mindre tiltak på veganlegg utan plankrav, slik at busslommer kan flyttast.

Busslommen utanfor kommunehuset har allereie blitt utbetra, noko som har bidrege til at det kan stå to bussar der samtidig, og skulebussane har sine tildelte plassar ved skulen.

5.18.5 Gang- og sykkelveggar og fortau

På heile den søre sida av Sveiogata, og på nordre side, som ligg aust for kyrkja er det opparbeidd gang- og sykkelveg eller fortau. Det er ikkje gang- og sykkelveg eller fortau på nordre sida, vest for kyrka. Det er ikkje heller gang- og sykkelveg langs Fv. 47, noko som gjer at badeplassen ved Melkeneset ikkje er lett tilgjengeleg for mjuke trafikantar. Strekinga Fv. 541, Tjernagelvegen, nord for krysset mot Sveiogata, er ikkje trygg veg for mjuke trafikantar, men den strekinga er under regulering med mål om å visa gang- og sykkelveg langs fylkesvegen.

I planen er det lagt inn nokre nye strekingar for gang- og sykkelveg/fortau. Det gjeld mellom anna på Løkjavegen (Sveiogata – omsorgssenteret) som er registrert som farleg skuleveg i trafikksikringsplanen. Det er òg lagt til rette for ein kort gangveg i kombinasjon med køyreveg til nokre bustader, nord for omsorgssenteret, slik at dei mjuke trafikantane som kjem frå Åse/Nygård ikkje må inn i det nordre krysset til Løkjavegen for å koma til sentrumskjernen. Vidare er det lagt inn gangveg langs Fv. 47 frå Krossleite til undergang sør for Manneberget, slik at badeplassen ved Melkeneset blir meir tilgjengeleg enn tidlegare, og at det blir etablert rundturløype frå sentrum via fylkesvegen. Nordre side av Sveiogata frå kyrkja, og vestover, er vist med gangveg/fortau for å sikra mjuke trafikantar frå nye bustadfelt i området.


Det er elles mange turstiar i sentrumsområdet som er teke i bruk til gangveg både mot sentrumskjerna og mellom byggjefelta, og ut i naturen. Nokre av desse er viste i plankartet som GTD med tilhøyrande føresegner for arealføremål turdrag for eksisterande og framtidige tur-/gangveggar § 2.6.3. Føresegnene til planen opnar for at det skal vera mogleg å etablere turveggar i LNF-område, samt at det er tillate med vedlikehaldsarbeid. Turstiar synt som GTD i plankartet kan opparbeidast utan reguleringsplan.

Basert på vegklasse på Fv. 47 bør det vera tilbod om samanhengande løysing for gåande og syklande langs vegen. Både nord og sør for Sveio sentrum er det gang- og sykkelveg, men nettopp på strekinga mellom dei to kryssa som går inn mot sentrumsområdet manglar det trygg veg for mjuke trafikantar. Det er likevel vurdert å vera gode moglegheiter for mjuke trafikantar å koma seg vidare på fylkesvegen via gang- og sykkelveg langs med Sveiogata, gjennom Sveio sentrum.

Sjølv om det ikkje er eit direkte behov for å sikra samanhengande gang- og sykkelvegnett langs Fv. 47, er det likevel eit ønskje om å leggja til rette for at mjuke trafikantar skal koma seg trygt og enkelt til badeplassen som ligg ved rasteplassen på Melkeneset. Planen viser difor trasé for gang- og sykkelveg på strekinga frå krysset ved Krossleite (FV. 47/Fv. 541), austover til tunnel sør for Mannaberget. I tillegg til å gjera badeplassen tilgjengeleg for mjuke trafikantar vil det gje eit betre tilbod til rundturløype.



Figur 5-25 Fv. 47 manglar gang- og sykkelveg på strekninga mellom dei to tilkomstvegane inn til sentrum



Figur 5-26 Infrastruktur for mjuke trafikantar. Kjelde: Stadanalysen for Sveio sentrum

Det er tette og korte avstandar mellom besøkspunkt ved dagens lokalisering og utstrekning av sentrum. Sveiogata er bindeleddet som knyter alle dei noverande funksjonane saman. Stadanalysen viser at Sveiogata er sentral og med gode føresetnader for ei vidare utvikling som miljøgate med ideell lengd, trafikkmengd og med tilgjengelege sideareal. Det er tilbod til gåande og syklande med varierende standard. Det er delvis einsidig og tosidig fortau, og mange avkøyringar til funksjonar langs Sveiogata.

5.18.6 Parkering

Det er god tilkomst med bil inn til sentrumsområdet og til sentrumskjernen. Det er ei innkøyring frå nordaust og ei frå sørvest. Med nokre få unntak er det som regel tilstrekkeleg med parkeringsplassar i området for å tena eksisterande behov. Utfordringar kan vera ved gravferd, idrettsarrangement, i tidsrommet når arbeid sluttar og barn og unge skal hentast på fritidsaktivitetar. De må ikkje vera vanskeleg for innbyggjarane og besøkjande å koma til sentrum eller å finna parkeringsplass. Er det utfordrande med parkering kan det føra til at mange vel å nytta alternative handels- og servicesentera i andre kommunar i samband med arbeidspendling eller ved reise til fritidsaktivitetar, noko som kan føra til enno større handelslekkasje i sentrum. For å sikra vekst i sentrumsområdet, med påfølgjande auka bustadbygging og meir etablering av



handels- og servicefunksjonar er det naudsynt å leggja til rette for tilstrekkeleg med parkeringsplassar. Tabell med krav til parkering er vist i kommunedelplanen sine føresegner.

5.19 Landbruk-, Natur- og Friluftsføremål

LNF-føremåla er areal for naudsynte tiltak for landbruk og gardstilknytt næringsverksemd basert på ressursgrunnlaget på garden, i tillegg til naturområde og friluftsliv. Føresegnene § 2.7 sikrar at interessene for landbruks-, natur- og friluftsføremål blir ivareteke ved å ha føringar som tilseier at naudsynte driftsbygg ikkje skal leggja beslag på dyrka mark så lenge alternativ lokalisering er mogleg, samt at kulturlandskapsverdiar skal bli teke omsyn til ved etablering av nybygg og tilbygg knytt til landbruket.

5.20 Andre typar bygningar og anlegg

5.20.1 Småbåtanlegg på land og i sjø

At sentrumsområdet ligg til Vigdarvatnet gjev store moglegheiter for alternative rekreasjons- og fritidsaktivitetar. Tilrettelegging for eit mindre småbåtanlegg vil opna tilkomsten til vatnet. Det er i dag ikkje særleg god tilgjenge til vatnet, med unntak for badeplassen ved Melkeneset, men dit kjem ein berre med bil eller gjennom skog frå Krossleite. Det vil vera viktig å sikra ålmenta tilkomst og tilgjenge til slik småbåtanlegg. For å sikre denne tilkomsten og tilgjenge allereie i overordna plan er det lagt inn eit grøntdrag (GBG1) i plankartet. Dette grøntdraget legg til rette for tilkomst, samt at det fungerer som eit skilje for å hindre at området blir opplevd som privatisert av bustadområdet B22.

I tillegg er det fleire andre tema som er viktige å sikra i samband med etablering av felles småbåtanlegg i denne delen av Vigdarvatnet. Det handlar om viktig naturmangfald som må takast omsyn til. I kartlegginga av Storsalamanderen sitt vandringsmønster kom det fram at det hender at Storsalamanderen kjem ned til dette området. Det er også registrert at våtmarksområdet inst i Vikjo er særskilt viktig å bevare då dette er viktig hekkeområde for fuglar. Vidare er heile Vikjo fiktig for den nær trua arten mellomskrav, samt ei rekkje andre observerte fugleartar. Åselva har også sitt utlaup til Vigdarvatnet her. Det er særskilt viktig at i detaljplan for småbåtanlegg ser på avbøtande tiltak for å sikra kantvegetasjonen m.m. som ligg langs dette utlaupet. Vidare er heile Vigdarvatnet eit kartlagd friluftsområde med svært viktig verdi.



Figur 5-27 Vikjo i Vigdarvatnet



Det skal utarbeidast ei lokal forskrift som tek føre seg kva som er tillate av motorferdsel i Vigdarvatnet. Denne lokale forskrifta vil særskild regulere fartsgrenser, maks storleik på båt/motorfartøy, samt kva for ferdsel som er tillate for denne delen av vatnet. Småbåtanlegget skal vera eit område som opnar for allment bruk av Vigdarvatnet og verdiane der, og den lokale forskrifta skal difor sikra at båttrafikken berre er for å bevega seg til og frå dette småbåtanlegget.

For området i Vikjo, BAB1-6 er det opna for småbåtanlegg på land og i sjø, samt naust med tilhøyrande strandpromenade som skal gje innbyggjarar og besøkjande i Sveio sentrum ålment tilgjenge til vatnet. Her skal det etablerast tilkomst, kaianlegg og aktivitetar retta mot ålmenta, som t.d. badestrand, parkanlegg m.v. Føresegnene § 2.4.7 sikrar at etablering av tiltak innanfor området i Vikjo blir detaljplanlagt i ei reguleringsplan.

5.20.2 Naust

Det ligg eit naust innanfor plangrensa. Naustet høyrer til ein fritidsbustad og blir verande i planen med ei justert plassering grunna flaum, med naustføremål (BAB3). Det er kommuneplanen sine føresegner som gjeld for dette naustet.

5.20.3 Kombinerte byggje- og anleggsføremål

I planen er det lagt inn nokre område med blanda/kombinerte føremål. Dette er areal som er eigna til to eller tre ulike føremål, i kombinasjon eller kvar for seg. Det er ikkje teke omsyn i planen til kva endeleg arealføremål dei ulike områda skal ha i framtida for å gi fleksibilitet i framtidig utvikling. Det er tre ulike kombinerte føremål som er aktuelle i sentrumsområdet. Arealbruken blir endeleg avklara gjennom reguleringsplanar eller gjennom føresegnene i sentrumsplanen.

- BS1 og BS2: kombinerte sentrumsføremål – forretning, kontor og bustader
- BKB1, BKB3, BKB4, BKB5, BKB6: offentleg/privat tenesteyting og bustader
- BKB2: offentleg tenesteyting og idrettsanlegg

For område for arealføremål kombinert byggje- og anleggsføremål er det i føresegnene sett ei maksimal utnyttingsgrad på 70% BYA for bygningsmassen, og 9% BYA inkl. parkeringsareal med ei maks byggjehøgde på tre etasjar i tillegg til kjellar. Områda, med unntak av o_BKB4, skal også inngå i ein detaljreguleringsplan.

5.21 Føresegnområde

Føresegnområde #3 1 Krav vassforsyning, avløp, veg og anna transport

Dette området i planen omfattar planområde for reguleringsplan for Fv. 541 Tjernagelvegen (mellombels planID 2016901). Nye tiltak innanfor føresegnområdet må vurderast opp mot vegløyningar og gjennomføring av reguleringsplanen.

Føresegnområde #6 1 Omsyn til miljøkvalitet ved nedslagsfelt til drikkevatt

Det andre føresegnområdet i planen gjeld ei sone på 50 meter rundt Furevatnet, som ligg vest i planområdet. Furevatnet er drikkevasskjelde der vatnet og nedslagsfeltet er bandlagt etter lov. For å sikra nedslagsfeltet ytterlegare er det lagt inn eit så kalla fråsegnområde med fokus på miljøkvalitet. Sona skal fungera som ei ekstra buffersone til nedslagsfeltet. Føremålet med føresegnområdet er å sikra at det ved eventuelle tiltak i området skal takast omsyn til nedslagsfeltet og ev. negative verknader for drikkevasskjelda. Arealet ligg i LNF, slik at ordinære



utbyggingstiltak er i utgangpunktet ikkje tillate, men omsynet skal òg takast for tiltak i samsvar med LNF-føremålet eller ved eventuelle dispensasjonsvurderingar.

Føresegnområde #8 1-19 Forhold som skal avklarast og belysast

Det fjerde tredje føresegnområdet i planen omfattar reguleringsplanar som gjeld vidare saman med kommunedelplanen. Føresegnene til kommunedelplanen skal supplere føresegnene til reguleringsplanane der det er manglar. Ved motstrid mellom føresegnene til reguleringsplanen og kommunedelplanen er det kommunedelplanen sine føresegner som er gjeldande.

Føresegnområde #8_3 omfattar reguleringsplan 1998004 Golfbanen byggesteg I, der delar av reguleringsplanen er gitt nye arealføremål i kommunedelplanen (BKB1, B2 og BN1).

Kommunedelplanen sine føresegner gjeld for desse arealføremåla.

5.22 Utbyggingsavtalar

Kommunen kan inngå utbyggingsavtale i samband med ulike former for byggjeprojekt vedtekne i reguleringsplan. Føremålet med utbyggingsavtalar er at dei skal sikra ei forsvarleg gjennomføring, ivareta kommunaltekniske føremål, og sikra opparbeiding av grøntareal og fellesanlegg. Avtalane føreset godkjent reguleringsplan for området, der premissane for utbyggingsavtalen er definert. Bruken av utbyggingsavtalar er heimla i den til ein kvar tid gjeldande kommunestyrevedtak om utbyggingsavtalar (KOM 033/07, arkivsak 05/843, eller seinare vedtekne føringar).

5.23 Vurdering av gjeldande reguleringsplanar

Alle reguleringsplanar gjeld til dei blir oppheva, omregulerte eller til ny reguleringsplan blir vedteke for området. Ved motstrid vil overordna plan gjelda framfor reguleringsplanane, dersom ikkje anna er vist i føresegnene og tilhøyrande vurderingar.

Planområdet hadde 30 godkjente reguleringsplanar når sentrumsplanen blei utarbeidd. Av desse er 9 planar handsama etter pbl. 2008. Resterande planar er handsama etter eldre lovverk. I planarbeidet har utgangpunktet vore at alle relevante reguleringsplanar skal vidareførast.

Alle godkjente reguleringsplanar i planområdet har blitt vurderte, uansett alder. Dei har blitt vurderte i forhold til om dei er tilstrekkeleg oppdaterte i forhold til lovverket, nasjonal og regionale føringar og dei kommunale forventingane, og om dei fortsett er aktuelle som grunnlag for framtidige utbyggingstiltak. I vurderinga er det mellom anna teke stilling til intensjonen med planen, i kor stor grad området allereie er utbygd, om teknisk infrastruktur er tilfredsstillande og om den er i samsvar med overordna nasjonale og regionale føringar.

Resultatet frå undersøkinga er vist i eget vedlegg – **VURDERING OG VIDAREFØRING AV REGULERINGSPLANAR**



6 VERKNADAR AV PLANEN

Konklusjonane frå dei nye arealføremåla som er teke inn i planen er vist i konsekvensutgreiinga. Samla er planen vurdert å gje tilstrekkeleg rom for naudsynt utbygging for å sikra fortsett folketalsvekst og etableringar av handels- og servicefunksjonar.

Planen vil bidra til vekst og auka attraktivitet, som i sin tur held på busetnaden og aukar den. Den legg til rette for betra trafikktryggleik og sikrar gode oppvekstvilkår for barn og unge. Med moglegheit for å leggja til rette for ulike storleikar på bustadene kan alle grupper av befolkninga uavhengig økonomiske og sosiale føresetnader, sikrast.



7 VEDLEGG I EIGNE DOKUMENT

Vedlegga lagt til planforslaget for kommunedelplan for Sveio sentrum er sett saman av arbeidet som ligg bak det planforslaget som er føreslått. Det inneber alle analysane og vurderingane som er gjort av både private og offentlege innspela til planen. Desse vurderingane, saman med eit godt kunnskapsgrunnlag, er utgangspunktet for å koma fram til gode løysingar for planforslaget.

Analyse og vurderingar

- Konsekvensutgreiing - KDP
- Vurdering av gjeldande reguleringsplanar i Sveio sentrum
- ROS analyse - Fareidentifisering
- ROS analyse - Sårbarheitsvurdering

Kunnskapsgrunnlag

- Miljøtema
- Risiko
- Stadanalyse for Sveio sentrum
- Om klimaendringar og klimatilpassing
- Barnetråkk

Innspel

- Innspelsliste til kommunedelplan for Sveio sentrum
- Rapport frå arbeidsmøte



8 Kommunedelplan for Sveio sentrum

Kommunedelplanen for Sveio sentrum består av plankart med tilhøyrande føresegner, som er dei juridisk bindande delane av planen. Plankartet viser til kva for arealføremål som er sett til kvart område, medan føresegnene er den juridiske teksten som viser kva for tiltak som er tillate og rammer for dei.

Denne planomtalen er ei utvida skildring av desse to dokumenta, men er ikkje eit juridisk bindande dokument, slik plankartet og føresegnene er.

